



Årsrapport

2024



Kapittel I

Styrets fråsegn

Høgskulen på Vestlandet (HVL) sin visjon, forankra i verksemdstrategien 2023-2030, er "Kunnskap som bygger menneske og samfunn". Med eit solid grunnlag innan utdanning, forskning og innovasjon bidreg HVL til utvikling på Vestlandet og i resten av landet. Sidan etableringa i 2017 har det blitt arbeidd målmedvite for å kvalifisere for universitetsstatus, og i 2024 blei søknaden om å bli akkreditert som universitet sendt.

Saman med sju andre partnerar fekk høgskulen status som europeisk universitetsallianse i 2024. Artemis er ein allianse som fremjar samarbeid innan utdanning, forskning og innovasjon, og som har som mål å styrke regional utvikling.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Det er gjort eit omfattande arbeid for å styrke rekrutteringa, utvikle og tilpasse studieporteføljen til kompetansebehova i samfunns- og næringsliv og studentane sine studieønske. Manglande samsvar mellom behov og etterspørsel er ei utfordring, og sjølv om høgskulen i 2024 fekk ein god auke i søkjartal og marknadsdel, har vi framleis rekrutteringsutfordringar, særleg til dei

mindre campusane. Arbeidet med å styrke rekrutteringa, synleggjere dei ulike studiestadane sin eigenart samstundes som vi sikrar attraktive og relevante studieprogram vil derfor halde fram. Endringa i karakterkrava knytt til grunnskulelærerutdanning og sjukepleie hadde substansiell betydning for rekrutteringa til desse utdanningane i 2024.

Studentane er høgskulen sine viktigaste ambassadørar og ulike studentundersøkingar gir informasjon som blir nytta i utviklings- og kvalitetsarbeidet. Kandidatundersøkingane viser at våre kandidatar står sterkt i arbeidsmarknaden. Samstundes viser Studiebarometeret at høgskulen skårar noko under landssnittet på 7 av 11 område i undersøkinga. Gjennomføring, og då særleg på normert tid, er ei utfordring det er behov for å arbeide ytterlegare med.

Høgskulen har arbeidd målretta og systematisk for å styrke sin posisjon som forskingsinstitusjon, med fokus både på å utvikle forskingskvaliteten vidare og å auke forskingsomfanget. Veksten i del stillingar med førstestillingskompetanse har halde fram, og vi har sett ein auke i tildeling av forskingsmidlar både frå Forskingsrådet, EU og annan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet.

Tilstrøyminga av kandidatar er framleis god til alle ph.d.-programma, og det var 26 som tok doktorgrad i 2024, mot 12 i 2023.

Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

Dei politiske signala om strammare rammer i åra som kjem har forsterka merksemda mot omprioritering og tilpassing av aktivitetsnivå. I 2024 har det mellom anna vore fokus på strategisk styring av studieporteføljen, organisering og dimensjonering av støttefunksjonar og eksterne inntekter. I tillegg har det vore arbeid med å synleggjere meirkostnader med fleircampus-institusjonar i samarbeid med VINST-institusjonane. På bakgrunn av ny finansieringsmodell for universitets- og høgskulesektoren frå 2025 har styret vedteke ny rammefordelingsmodell. Frå 2023 til 2024 er tal årsverk redusert frå 1967 til 1879.

Berekraft står sentralt i strategien vår, og vi har ein eigen Handlingsplan for berekraftig utvikling ved Høgskulen på Vestlandet 2023-2026. Sjølv om vi ikkje er i rute i forhold til vårt eige mål om å redusere klimagassutsleppa våre med 40% frå 2019 til 2027, ser vi ei positiv utvikling i 2024. Ei rekke energiøkonomiserande tiltak er sett i verk. Gjennom studieportefølje og forskingsinnsats retta mot å møte utfordringane knytt til klima, helse, sosial ulikskap og teknologi, bidreg høgskulen til ei berekraftig samfunnsutvikling og betre velferd.

Høgskulen sitt finansieringsprogram for innovasjonsprosjekt i tidleg fase, opplevde vekst i talet på søknadar frå 2023 til 2024. Studentar blir rettleia i innovasjonsprosjekt knytt til to program i eigen regi (HVL), og eit nasjonalt program.

God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Høgskulen på Vestlandet er ein av dei største utdanningsinstitusjonane i landet med i underkant av 16 800 studentar og 1 900 tilsette fordelt på dei fem studie-stadane Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord. I 2024 var det 2 072 som fullførte bachelorutdanning, 959 som fullførte masterutdanning og 26 som tok doktorgrad.

Med fem studiestadar og vekst i fleksible studietilbod, bidreg høgskulen i stor grad til sektormålet knytt til god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile

landet. Høgskulen har eit godt samarbeid med samfunns-/næringsliv og eit breitt tilbod knytt til etter- og vidareutdanningar. I 2024 inngjekk høgskulen ein ny rammeavtale med Equinor som gir fagarbeidarar tilbod om å vidareutdanne seg til prosessingenjører.

For høgskulen er det eit viktig strategisk mål å ha fem levande campus. I 2024 vedtok styret ei stor satsing i Haugesund, med både nybygg og ombygging av eksisterande bygg.

Tidlegare Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) blei frå 2024 samla i Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS). Dette gir eit godt grunnlag for meir tverrfagleg samarbeid.

Styret har i 2024 jobba aktivt med styringsmodell og prosessar for medverknad. Dette arbeidet vil halde fram i 2025.

Om styret

Styret har hatt sju ordinære og tre ekstraordinære møte, og behandla 118 saker. Eitt av dei ordinære og alle dei ekstraordinære møta var digitale. I tillegg har styret hatt tre styreseminar. Styret tilsette Gunnar Yttri som rektor for ein ny åremålsperiode (2025-2028).

Viktige prioriteringar for 2025

I tillegg til å følge opp verksemdstrategien og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet, vil viktige prioriteringar i 2025 mellom anna vere å fortsette arbeidet med intern kompetansebygging, ytterlegare fokus på å vidareutvikle forskingskvaliteten, auke den eksternt finansierte aktiviteten vår, og leggje til rette for meir tverrfagleg samarbeid. Dette vil inkludere å fortsette det gode og omfattande samarbeidet med næringslivet og offentlege aktørar.

Studentrekruttering og -gjennomstrøyming vil vere avgjerande for oss framover. Vi må sikre tilstrekkeleg rekruttering, med særleg fokus på våre mindre campus. Samstundes må vi jobbe for å betre gjennomføringa på normert tid. Å oppretthalde høge standardar for forskningsetikk vil vere sentralt i alt vi gjer og regional utvikling skal framleis vere ein hjørnestein i vår verksemd.

Styret vil ha fokus på nyskaping, noko som er synleggjort i utlysingane av prorektorstillingane.


Vi må fortsette tilpassinga av vår aktivitet til strammare økonomiske rammer. Dette inkluderer mellom anna strategisk styring av studieporteføljen og tenleg organisering og dimensjonering av teknisk-administrative støttefunksjonar.


Avslutning

Styret vil takke alle tilsette, studentar og samarbeids-partnarar for deira innsats og engasjement gjennom året. Saman vil vi fortsetje å bygge ein sterk og berekraftig institusjon for framtida.

Dato: 5. mars 2025


Arvid Hallén (styreleiar)


Wenche Kjolås


Kristine Kopperud Timberlid


Bjørn Håvard Bjørklund



Erik Kyrkjebø


Tom Are Trippestad


Sissel Rosland


Hege Myklebust


Solveig Råheim Grønsdal


Jelle Sebastian Bruin


Frida Lunde Høisæther



Kapittel II

Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Nøkkeltal 2024	
Tal årsverk	1 879
Tal registrerte studentar	16 760
Sum driftsinntekter	2 892 950 000
Total tildeling frå KD	2 473 015 000
Løyving frå andre departement	4 480 000
Tilskot og overføringar frå statlege etatar.	168 672 000
Avlagte doktorgrader	26


Tabell 1: Nøkkeltal 2024
(kjelde: DBH).

Høgskulen blir leia av styret, og rektor er dagleg leiar for den faglege og administrative verksemda. Rektors leiargruppe, toppleiinga, består av prorektor for utdanning, prorektor for forskning, prorektor for regional utvikling, dekanane for dei tre fakulteta, organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning. Høgskulen skal bidra til at kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft, at samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse og at kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske forskjellar (jf. dei tre overordna måla for kunnskapssektoren, omtalt i KD sitt tildelingsbrev til høgskulen i 2024).

Høgskulen sin verksemdsstrategi gjeld for perioden 2023-2030 og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet for perioden 2023-2026. Utviklingsavtalen er tett integrert i strategien. Eit viktig premiss i strategien er eit samfunnsoppdrag som både er definert ut frå føremålet i UH-lova og utfordringar og mål som går fram av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og vår eigenart. Ein sentral ambisjon i strategien er å bygge og utvikle eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Høgskulen tilbyr utdanningar på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. Den faglege verksemda var i 2024 organisert i tre fakultet; Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) og Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS). FTMS var nyoppretta i 2024 og består av tidlegare Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS). Høgskulen tilbyr fire eigne doktorgradsprogram; Studiar av danning og didaktiske praksisar, Data-teknologi, Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU og UiT Norges Arktiske Universitet tilbyr Høgskulen på Vestlandet i tillegg doktorgradsprogram i Nautiske operasjonar.

Høgskulen har sidan 2023 hatt eit formelt samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Innlandet og Nord Universitet (VINST-alliansen). Gjennom VINST-alliansen får vi høve til å styrke merksemda på kva som trengst for å utvikle fleircampusinstitusjonane til det beste for studentar, tilsette og regionane, både når det gjeld rammevilkår for sektoren, utdanning og forskning.



Figur 1: Organisasjonskart 2024 (kjelde: hvl.no)

Fakultet	Studentar	Årsverk	Kandidatar ²	Campus
Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)	5 443	405	1 064	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS)	5 648	509	1 038	Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	5 669	531	1 069	Sogndal, Bergen og Stord

Tabell 2: Studentar, årsverk, kandidatar og campus pr fakultet hausten 2024 (kjelder: DBH og SAP)

Campus	Studentar	Årsverk ¹	Kandidatar ²
Bergen	10 720	1 118	1 954
Førde	773	84	188
Haugesund	1 877	176	286
Sogndal	2 390	347	533
Stord	1 000	154	217
Totalt	16 760	1 879	3 186*

Tabell 3: Studentar og årsverk hausten 2024 og kandidatar 2024 pr campus

*1 tillegg åtte med ukjent campus

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund

Figur 2: Campus

1) Tabellen viser årsverk knytt til formell arbeidsstad, men både vitenskaplege og administrativt tilsette jobbar heilt eller delvis på tvers av campus.

2) Fullført vitnemålsgivande studieprogram.



Kapittel III

Årets aktiviteter og resultat

Årsrapportens kapittel III inneholdt resultat, analyser og vurderinger av Høgskulen på Vestlandet på:

1. [Sektormåla og måla i verksemdstrategien \(2023-2030\)](#)
2. [Måla i utviklingsavtalen \(2023-2026\)](#)
3. [Måla i gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma](#)

Nemnte mål og tilhøyrande parameter er integrert i ein heilskapleg målstruktur i høgskulen sine plandokument, men vi har her valt å rapportere på dei ulike delane kvar for seg. Dei tre måla i utviklingsavtalen utgjør tre av seks mål i verksemdstrategien (mål 1, 2 og 5) og desse blir omtalt meir utfyllande under utviklingsavtalen.

1. Resultatrapportering på sektormåla og måla i verksemdstrategien

For 2024 gjaldt følgande overordna og langsiktige sektormål for universitet og høgskular:

1. Høg kvalitet i utdanning og forskning
2. Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

I 2022 vedtok høgskulestyret verksemdstrategien som gjeld for perioden 2023-2030. Gjennom strategien sine tre strategiske ambisjonar og seks overordna mål viser høgskulen korleis vi bidreg til å svare ut sektormåla.

Strategisk ambisjon 1: Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet

Vi skal halde fram med å styrke kvaliteten i utdanning og forskning for å fremje eit velfungerande samfunns- og arbeidsliv og for utviklinga av det norske velferds-samfunnet. Utdanninga og forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet. Dette er berebjelken for å bygge menneske og samfunn, og for å bidra til å løyse samfunnsutfordringar.

Mål 1: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov.

HVL tilbyr og satsar på utdanningar innan dei prioriterte områda – helsefag, IT og område som er særleg viktige for det grønne skiftet og lærarutdanningane ved våre campus. Rekruttering av nye studentar og vidareutvikling av studietilboda ved alle fem campus ved HVL står overfor fleire utfordringar. Økonomiske nedgangstider fører til at mange opplever auka økonomisk press, noko som kan gjere det vanskelegare for potensielle studentar å vurdere høgare utdanning som eit berekraftig val. I tillegg endrar globale trendar som digitalisering og fjernarbeid arbeidsmarknaden, noko som påverkar kva studiar og utdanningsløp som blir ettertrakta. Arbeid med dimensjonering og oppretting/avvikling av studietilbod er avgjerande for å møte dei spesifikke behova i samfunnet og søkjarane sine ønsker. Dette er avgjerande for HVL sin attraktivitet i eige nærområde, men òg for å gjere utdanningane ved HVL til eit naturleg val for studentar frå heile landet.

Ei anna utfordring er befolkningsstruktur, der ein ser ein markant nedgang i storleiken på ungdomskulla. Lågare fødselsratar reduserer rekrutteringsgrunnlaget til høgare utdanningsinstitusjonar som HVL. Kombiner med auken i populariteten til yrkesfaglege val og ei dobling av studentar som vel fagskulane sidan 2017, tyder det på at fleire unge no blir tiltrekte av raskare og meir direkte karriereveggar som gir dei spesifikke og anvendelege ferdigheiter. For å tiltrekkje oss tilstrekkeleg med studentar til å oppretthalde eit mangfaldig og rikt studiemiljø blir det derfor viktig at HVL framleis tilbyr ei rekke slike utdanningar.

Til slutt spelar også samfunnsstrukturelle og politiske val ei stor rolle. Sentralisering av arbeidsplassar og tenester fører til at mindre byar og tettstader får færre tilbod for både studiemoglegheiter og arbeidsplassar, noko som kan gjere campus i distrikta mindre attraktive.

Desse faktorane set eit ekstra press på HVL til å tilpasse seg og tilby unike, konkurransedyktige utdanningsprogram for å tiltrekkje og behalde studentar i ein allereie utfordrande rekrutteringssituasjon.

Mål 2: Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Høgskulen har høge ambisjonar knytt til forskning, og det har over fleire år vore jobba systematisk med både å auke kvaliteten i forskinga, at forskinga skal få større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet og at vi skal ha eit større omfang på tverrfaglege forskingssamarbeid.



Professor Tone Merete Norekvål ved Høgskulen på Vestlandet mottok nylig internasjonal forskningspris og ESC Silver Medal, for si forskning innan hjartehelse.

Å nå målsettingane i strategien og utviklingsavtalen er eit kontinuerleg arbeid, og i 2024 har det vore ei positiv utvikling på ei rekke område. Mellom anna er det ei markant auke i avlagde disputasar, frå 12 i 2023 til 26 i 2024, samstundes som ph.d.-programma har stabil rekruttering. Høgskulen fekk tildeling i European University Initiative i 2024 og dermed status som europeisk universitet i allianse med sju andre institusjonar. Alliansen heiter ARTEMIS – Alliance for regional transition, equality, mobility, inclusion and sustainability og har hovudfokus på regional utvikling.

Høgskulen tek del i mange typar internasjonale samarbeid. Vi har fortsett den gode utviklinga innanfor eksternfinansierte prosjekt både innanfor Erasmus+ og med Panoramalanda, med mål om å bidra til å auke kvaliteten i utdanningane våre. Høgskulen byrja i 2024 òg arbeidet med å følge opp dei nasjonale retningslinjene kring ansvarleg internasjonalt samarbeid, og har allereie sett i gang og gjennomført fleire tiltak.

Det er nokre område innan forskning der HVL treng særskilt merksemd. Det var nedgang i publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2023. HVL har i 2024 arbeidd med analysar som kan gi grunnlag for tiltak for å snu utviklinga. Høgskulen vil i 2025 utarbeide ein policy for forskning som skal gi tydeleg retning og profil på forskinga vår mot å bli Universitetet på Vestlandet.

Strategisk ambisjon 2: Ei sterk innovasjonskraft

Høg kompetanse og mangfald blant tilsette og studentar, eit stort geografisk nedslagsfelt og tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet gjer oss til ein sentral innovasjonsaktør. Innovasjonsarbeidet vårt bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Mål 3: Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet.

I 2024 ser vi resultat av strategiske satsingar innan forskingsbasert innovasjon i form av auke i innmelde forretningsidéar, kommersialiseringar og idétilfang. HVL samarbeider tett med regionale, nasjonale og internasjonale partnarar på tvers av sektorar og tematiske område for å fremje forskingsbasert innovasjon, kunnskapsoverføring og kommersialisering. Eit døme er Horisont Europa-prosjektet OCEAN som HVL leier, om utvikling av nye navigasjonssystem for å forhindre ulykker til sjøs. HVL er partnar i eit innovasjonsprosjekt om utsleppsfri autonom bybåt, og deltek som FoU-partnar i det nasjonale testområdet for autonom skipsfart i Haugesund. Teknoløft Sogn og Fjordane (automatisering og digitalisering) og FuruRaPS (eit prosjekt om landbruksrobotar), FME HyValue (Forskingssenter for miljøvennlig energi med fokus på tryggare, grønar og meir effektiv hydrogenproduksjon) og SFI Smart Ocean (Senter for forskingsdrevet innovasjon med fokus på overvaking av undervannsmiljø) er andre døme på korleis HVL samarbeider med lokale bedrifter og offentlege aktørar om teknologisk utvikling, regional verdiskaping og bygging av kompetanse.

Høgskulen sitt ph.d.-program Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (Responsible Innovation and Regional Development - RESINNREG) er ei framtidsretta forskarutdanning med vekt på ansvarleg innovasjon for ei berekraftig regional utvikling. Programmet har tre tverrfaglege søyler: Industriell innovasjon, grønn innovasjon og innovasjon innan offentleg sektor. Fleire fakultet samarbeider om RESINNREG, og i 2024 var

34 kandidatar registrert på programmet. Fleire av våre masterutdanningar kvalifiserer for denne forskarutdanninga. Ut over det som skjer i utdanningsprogramma, har HVL eit eige studenttilbod innan entreprenørskap og innovasjon. HVL Skape rettleier studentar som har ein idé, og gir råd knytt til både konsept, utvikling og finansiering. Det er aukande etterspurnad etter rådgjeving, og omfanget på rettleiing til studentar med ein forretningsidé blei nesten dobla frå 2023 til 2024, frå 26 til 45. Hovuddelen av studentane kjem frå Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap. Studentane har tilgang til både interne finansieringsordningar (mikrofinansiering og Program for idéutvikling), og eksternfinansiering (STUD-ENT-ordninga til Innovasjon Norge). Studentane blir kopla til både interne og eksterne kompetansemiljø som kan hjelpe dei vidare i å utvikle idéen sin. Satsinga på studentinnovasjon er ein god brubyggjar til arbeidslivet i regionen.

Med ulike arrangement i løpet av året, ofte i samspel med andre aktørar slik som Innovasjon Norge og Connect Vest, når HVL Skape ut til eit spekter av studentar. Eksempel er Fjellpitch, gründerkveld og «Innovasjon 101». Studentane blir eksponert for inspirasjon, tips og teknikkar til innovasjon eller entreprenørskap, og fleire søker på HVL sine eigne finansieringskjelder. I 2024 fekk studentverksemda Mendi (tidlegare Lappe) ein million kroner frå STUD-ENT-ordninga. Gjennom reparasjon, redesign og gjenbruk av klede, jobbar dei for å redusere avfall og fremje berekraft.

Sommaren 2024 reiste 20 HVL-studentar saman med ei gruppe tilsette til IdeaSquare ved CERN. Studentane representerte alle fakulteta og campusane våre, og deltok på ein vekelang, tverrfagleg innovasjonscamp. Turen var delvis finansiert av Strømberg-gruppen og fekk brei merksemd i forkant, og positive studenterfaringar som HVL kan hauste av i ettertid. Denne turen blir arrangert att i juni 2025 etter ønske frå både studentar, fakultet og fasilitatorar knytt til CERN.



Filmen *Havportrett – barna ved Nordsjøen* vant pris for beste utdanningsfilm på Tromsø Educational Film Festival (TREFF).

Mål 4: Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring

Høgskulen sitt arbeid for å tilpasse seg endra rammevilkår har halde fram i 2024. Omstillingsarbeidet skal førebu høgskulen på eit endra utfordringsbilette og lågare inntektsrammer i åra som kjem, samstundes som kvaliteten skal vere god.

Gjennom året er grunnleggande trekk ved institusjonen analysert, og lagt til grunn for omfattande og krevjande omstillingsarbeid både i fakulteta, støttetenestene og på institusjonsnivå. Felles institusjonelle omstillingsprosjekt var retta mot den økonomiske situasjonen i støttetenestene, studentretta førstelinjetenester og styrking og samordning av etter- og vidareutdanning. I fakulteta har det mellom anna blitt jobba med nye budsjettmodellar, studieportefølje (både tilbod og ressursfordeling i form av timerammemodellar/prinsipp for arbeidsplanar), organisering og leiing, gjennomstrøyming, kvalitetsutvikling av kjerneverksemda, eksternfinansiert verksemd og etablering av det nye fakultetet (Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS)).

Kunstig intelligens har stor merksemd knytt til både studentar og tilsette sitt arbeid og grip inn i arbeidsformer, og resultat av desse. Høgskulen har gjennomført undersøkingar blant studentar knytt til bruken av KI-chatbotar både i 2023 og 2024. I 2023 svarte 20 prosent at dei brukte KI-chatbotar for å støtte læringsarbeidet dagleg eller kvar veke. I 2024 gjaldt dette 60 prosent. Fleire gutar enn jenter svarar at dei brukar KI. Studentane brukar mellom anna KI til å finne svar på spørsmål relatert til studiar, generere idéar, oppsummering og forbetring av tekst, gi tilpassa forklaringar og som sparingsspartnar og rettleiar. Studentane svarar at KI gir nye moglegheiter for læring. Studentane stiller og spørsmål om korleis KI-chatbotar styrkar eller truar evna til å tenke sjølv og lære fagstoff.



Dei nye retningslinjene for bruk av kunstig intelligens er utforma av KI Koordineringsgruppa ved HVL og blei godkjende av Digitaliseringsrådet.

I undersøkinga frå 2024 svarar 25 prosent av studentane at dei har fått opplæring i god bruk av KI i læringsarbeid, mot seks prosent i 2023. Høgskulen har i tre omgangar arrangert universitetspedagogiske kurs knytt til bruk av KI i utdanning. Kursa er praktisk orientert, og legg vekt på eksperimentering, refleksjon og samarbeid. Kursa har hatt over 300 deltakarar og har vore opne for deltakarar frå andre institusjonar. Tilgangen på djup kunnskap om dette er avgrensa.

Utvikla løysingar på digitaliseringsfeltet generelt held høg kvalitet, og vil vere nyttige bidrag i VINST og Artemis-samarbeida. På sikt må det vere eit mål å dele verktøy som HVL har utvikla med andre i sektoren.

Arbeidet med leiarutvikling held fram, og ein samla plan fram mot 2030 er etablert. I 2024 har forskingsleiing hatt særleg merksemd, samt plan for etablering av utdanningsleiing. Introduksjonsprogram for leiarar er etablert, slik at ein ved nye åremål er sikra rask innføring i grunnleggande administrative prosessar.

I 2024 meldte høgskulen seg inn i The Nordic Association for University Administrators (NUAS). Nettverket har som mål å styrke og utvikle administrasjon som fagområde i nordisk høgare utdanning. NUAS er oppdelt i ulike interessegrupper som representerer kvart sitt administrative/ tematiske område, der alle er aktuelle for, og speglar ulike einingar i HVL.

Strategisk ambisjon 3: Ein ambisiøs samfunnsaktør

Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitskaplege tenkjemåtar, akademisk fridom og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi er det inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitetet på Vestlandet. Vi er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen, og vi har stort truverd og eit godt omdømme.

Mål 5: Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

Høgskulen har i 2024 halde fram arbeidet med å utvikle høgskulen og campusane på tvers av organisatoriske og geografiske linjer. Det faglege samarbeidet i regionen er den viktigaste delen av campusutviklinga, og det finnst ei rekke gode døme frå alle dei fem campusane, sjølv om dei har ulike moglegheiter og utfordringar. I alle regionane har høgskulen eit utstrekt samarbeid med andre aktørar om å skapa levande campusar som styrkar regionen.

Dei siste åra har utfordringane med studentrekruttering vore eit viktig tema i samarbeidet, både i Førde, Sogndal og på Stord.

Campusmøta har fått nytt mandat og samansetting, og blant fleire viktige tema som har blitt diskutert, er studentrekruttering og omdømmebygging. Høgskulen har også utarbeidd ein policy for ansvarleg innovasjon og regional utvikling.

Ei lang rekke arrangement har blitt gjennomført, både for tilsette, studentar og eksterne. Nokre arrangement er på tvers av campus medan andre er forskjellige, i tråd med ulik regional profil.

Høgskulen har fortsett auken på fleksible studietilbod. På denne måten blir dei faglege ressursane nytta best mogleg i studietilbod organisert på dei fem campusane, nettbasert og andre former.

Mål 6: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

Høgskulen har i 2024 jobba systematisk med å formidle kunnskap om og frå fagområda våre. Forsking knytt til store samfunnsaktuelle tema har kome på dagsorden både lokalt og nasjonalt. Vi har særleg lagt vekt på ny kunnskap innan helse, omsorg, skule, barnehage, nyskaping og det grøne skiftet. Samla sett ser vi ein auke i omtale i nasjonale kanalar på 17% frå 2023 til 2024.

I arbeidet med å formidle forskning har vi også jobba mykje med å få fram forskarane og forskinga gjennom vårt medlemsskap i forskning.no, både gjennom eigne saker og fleire intervju. Vi held eigne formidlingskurs for vitenskapleg tilsette og stipendiatar. Det har vore ei merkbar auke interesse for desse, og i 2024 heldt vi ti slike kurs.

Forskinga blir også formidla gjennom høgskulen sine eigne sosiale-medium-kanalar. Her måler vi responsen kontinuerleg og justerer format og uttrykk for å nå ut til flest mogleg. Overordna vurdering er at vi lykkast bra med denne formidlinga ut frå dei ressursane vi nyttar.

Høgskulen har leiarar og tilsette som er aktive i samfunnsdebatten, ved å vere aktive bidragsytarar på konferansar og arrangement, i tillegg til å markere seg i media. Aktuelle saker utover forskingsformidling har mellom anna vore knytt til finansiering, universitetssøknaden, kunnskapsberedskap og regional utvikling, og opptakskrav til og utvikling av lærar- og sjukepleiarutdanningane.



20. juni leverte styreleiar Arvid Hallén og rektor Gunnar Yttri i Høgskulen på Vestlandet søknaden om å bli akkreditert som nytt universitet.

Viten-TV (www.vitentv.no) blei lansert i september 2024. Dette er ein open strøymeplattform for forsking- og kunnskapsformidling frå Universitet- og høgskulesektoren i Norge. Viten-TV er eit samarbeid mellom HVL, UiB, UiS og UiT. Målet er auka tilgjenge for samfunnet og ålmenta til UH-sektorens audiovisuelle produksjonar. Kanalen tilbyr verifisert kunnskap gjennom audiovisuelle produksjonar innan forskning og faktabasert kunnskapsformidling.

Høgskulen deler kvart år ut ein språkpris for å stimulere og gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein systematisk innsats for å jobbe med formidling og norsk fagspråk. Prisvinnar i 2024, professor Hilmar Mjelde, har over fleire år forska, undervist og formidla kunnskap om demokrati, politikk og særleg prosessane kring presidentvalet i USA. Det siste året har Mjelde vore aktiv i store riksmidier, på radio, på tv og i aviser, men også rundt om i heile landet på ulike arrangement.



Årets vinnar av Språkprisen var Hilmar Mjelde.

2. Resultatrapportering på utviklingsavtalen

Mål 1. Forskinga ved HVL held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Høgskulen styrkar stadig sin posisjon som forskingsinstitusjon gjennom fleirårig målretta og systematisk arbeid. I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) skal forskingsaktivitetane bli styrka ved å vidareutvikle eksisterande fagmiljø og bygge fleire nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø. Høgskulen skal utvikle og gi prioritet til tverrfagleg forskning. Eit vesentleg kjenneteikn er at forskninga skal skje i samarbeid med samfunns- og arbeidslivet. Delen av forskninga som er finansiert gjennom eksterne midlar skal auke, og forskninga skal bli gjort meir open. Forskinga skal i aukande grad bli teken i bruk i grunnutdanningane, i etter- og vidareutdanningstilboda, men også ute i samfunns- og arbeidslivet. Forskartalenta og forskingsleiarane skal få rammevilkår for å kunne utvikle og drive forskingsfeltet framover.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål:

1. Auka kvalitet i forskninga
2. Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet
3. Meir tverrfagleg forskingssamarbeid

1. Auka kvalitet i forskninga

Kvalitetsutvikling i forskning

Auka kvalitet i forskninga inneber mellom anna fokus på å styrke kompetansen blant tilsette og å legge til rette for vidareutvikling av vår forskingsaktivitet og tilhøyrande støttesystem. Det er starta eit samlingsbasert program for forskingsleiarar ved høgskulen i 2024. Programmet er utvikla i samarbeid mellom interne og eksterne bidragsytarar, og i alt deltek 24 forskingsleiarar der dei tre fakulteta er jamt representert. Deltakarane vil spele ei avgjerande rolle i å bygge ein solid forskingskultur ved høgskulen, noko som vil auke høgskulen sin attraktivitet som samarbeidspartnar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Høgskulen etablerte ei implementeringsgruppe for forskningsetikk og personvern som arbeider med planar for opplæring, kompetanse- og kulturbygging retta mot administrativt og vitenskapleg tilsette. Det har blitt gjennomført workshop for administrativt tilsette der roller, oppfølging og funksjonen til forskningsetiske

komitéar på fakulteta og forskningsetisk utval ved HVL var sentrale punkt. Vitskapleg tilsette har i 2024 kunna delta på kurs i forskningsetikk, personvern og datahåndtering. Biblioteket tilbyr kvart semester ei open kursrekke retta særleg mot stipendiatar. Innhaldet varierer frå semester til semester, men dekkjer tema som akademisk skriving, med fokus på m.a. medforfattarskap, sjølvplagiering og etisk bruk av kjelder, og kurs i publisering og god publiseringsskikk, der utfordringar som røvertidsskift og artikkelfabrikkar blir løfta. Dei forskningsetiske komitéane ved fakulteta gir forskningsetisk tilråding til forskingsprosjekt.

Fakulteta har ulike utfordringar og det er derfor sett i verk ulike tiltak på dei ulike fakulteta. I 2024 er det mellom anna oppretta eit rettleiarforum for å styrke kompetanseutviklinga hjå rettleiarar for ph.d.-kandidatar og det er arbeid med tettare oppfølging av forskargruppene. Forskargruppene er ein viktig arena for å bygge forskingskompetanse, gjennom auka samarbeid om publisering og deltaking i søknadar om ekstern finansiering. Ved å styrke forskargruppene styrker ein også tilsette sine moglegheiter til å delta i kompetansebyggjande aktivitet. Andre viktige tiltak er leiarutvikling, forskingsleiing og kjønnsbalanse. Det er også etablert ulike kompetansefremjande tiltak som workshop for førsteamanuensar som er i karriereløp mot professorkompetanse, stipendiatar får støtte av internasjonal partnar i si prosjektgruppe for å stimulere til utanlandsopphald og det blir arrangert felles møte for leiarar av forskargrupper for erfarings- og idéutveksling. I 2023-2024 deltok Fakultet for helse- og sosialvitskap i Forskingsrådet si EVALMEDHELSE-evaluering for å få ei heilskapleg vurdering av fakultetet si forskning i forhold til nasjonal og internasjonal helseforskning.

Fakultet for ingeniør og naturvitskap deltok i evalueringane Evaluering av naturvitskap (EVALNAT) i 2022-2023 og Evaluering av matematikk, IKT og teknologi (EVALMIT) i 2023-2024. Resultata av alle desse evalueringane er venta å kome våren 2025. Desse vil HVL bruke i vidare utvikling av forskninga på desse områda.

Årleg løftar Høgskulen på Vestlandet fram tilsette som har gjort ein særleg innsats på ulike viktige område. FoU-prisen skal stimulere til å vidareutvikle kvaliteten på forskninga, auke ekstern finansiering og internasjonal anerkjenning. Ni personar var nominert til denne prisen. Her var det sterke kandidatar som kvar enkelt er viktige bidragsytarar innan sine felt.

På grunnlag av ei heilskapleg vurdering avgjorde komitéen at FoU-prisen gjekk til professor Valeria Jana Schwanitz. Hennar forskingsfelt er forbrukaråtfærd, energiøkonomi og energisystem, med særskilt vekt på klimaspørsmål og berekraftig utvikling. Forskinga er tett knytt til HVL sine strategiske mål om berekraftig samfunnsutvikling, tverrfagleg forskning og gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet.

Årets vinnar av FoU-prisen var Valeria Jana Schwanitz.



Første- og toppkompetanse

Som for tidlegare år har høgskulen også i 2024 hatt fokus på å auke talet tilsette med første- og toppkompetanse. Når det gjeld rekruttering, har det særleg vore fokus på at faste stillingar skal vere på førstestillingsnivå eller høgare. Det har blitt gjennomført interne kompetanseheevande tiltak som karriereseminar og ulike kompetansehevingsstipend. I 2024 har 16 tilsette fått opprykk til professor, 4 opprykk til dosent, 9 opprykk til førsteamanuensis og 10 har fått opprykk til førstelektor.

Stillingstittel	2020	2021	2022	2023	2024
Professor	132	144	149	163	161
Dosent	19	17	17	18	20
Førsteamanuensis	315	328	345	364	356
Førstelektor	112	109	109	119	112
Postdoktor	7	24	31	30	24
Forskar	2	2	3	5	4
Til saman	587	624	654	699	677
% første-kompetanse av faglege årsverk eks stipendiatar	58%	58%	59%	63%	65%

Tabell 4: Årsverk første- og toppstillingar 2020-2024. Kjelde: DBH

Det har vore ein nedgang på i overkant av 20 årsverk med første-/toppkompetanse. Noko av nedgangen kan forklarast med færre tilsette i bistilling/ekstraerv. Vidare er generasjonsskifte ein del av biletet her. Men i og med at nedgangen i faglege årsverk (eks stipendiatar) utan første- eller toppkompetanse er større enn nedgangen i tilsette med førstekompetanse, har delen faglege årsverk (eks. stipendiatar) i førstestilling auka frå 63% i 2023 til 65% i 2024. Dette betyr at høgskulen har nådd måltalet for 2025 i gevinstrealiseringsplanen for strukturreforma knytt til denne indikatoren.

Doktorgradsutdanning

Høgskulen har i alt fem doktorgradsprogram, av desse er fire eigne ph.d.-program og eitt program er fellesgrad i samarbeid med tre andre UH-institusjonar. Det er jamn tilstrøyming av ph.d.-kandidatar på programma, i 2024 er det registrert 230 ph.d.-kandidatar.

Ph.d.-program	2020	2021	2022	2023	2024*
Studiar av danning og didaktiske praksisar	64	71	74	80	88
Datateknologi	38	42	41	50	46
Nautiske operasjonar (fellesgrad)**	6	7	7	7	4
Helse, funksjon og deltaking	26	36	47	52	58
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	16	25	35	38	34
Til saman	150	181	204	227	230

Tabell 5: Tal på ph.d.-kandidatar registrert som aktive i ph.d. programma pr 31.12.24

*Fleire stipendiatar tilsett i 2024 har søkt/skal søkje opptak til ph.d.-studia. Desse vil ha ein reell oppstart av ph.d.-perioden sin i 2024, og opptak vil bli etter-registrert, difor kan talet på kandidatar bli høgare. Tilsvarande er tala for 2023 oppdatert.

**Tabellen viser til ph.d.-kandidatar som har HVL som «vertsinstitusjon»

I 2024 var nær 15 % av ph.d.-kandidatane finansiert av andre enn høgskulen og Forskringsrådet. Dette gjeld stipendiatar tilsett ved andre høgskular, forskingsinstitutt eller helseføretak, eller stipendiatar som er finansiert av andre eksterne finansieringskjelder. Forskringsrådet innvilga ein søknad om næringsph.d. med høgskulen som gradgjevande institusjon i 2024. Ved utgangen av 2024 hadde høgskulen til saman sju offentleg sektor ph.d.-kandidatar og to næringsph.d.-kandidatar. Høgskulen har god framdrift i uteksamineringa av doktorandar. I 2024 var det 26 avlagte disputasar, dette er ei markant auke samanlikna med tidlegare år. Eitt av krava for å bli universitet er at to av doktorgradsprogramma i gjennomsnitt har uteksaminert minst fem doktorandar per år over ein tre-årsperiode. Dette kravet blei innfridd i byrjinga av juni 2024.



19. september blei HVL-doktorar frå 13 ulike land feira under den høgtidlege doktorpromosjonen.

Ph.d.-program	2020	2021	2022	2023	2024
Studiar av danning og didaktiske praksisar	4	6	7	3	5
Datateknologi	2	3	4	5	8
Nautiske operasjonar	-	-	1	1	1
Helse, funksjon og deltaking	-	1	1	2	7
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	-	-	2	1	5
Til saman	6	10	15	12	26

Tabell 6: Avlagte doktorgrader ved HVL i perioden 2020-2024

Høgskulen har hatt særskilt fokus på gjennomstrøyming i ph.d.-programma og har utarbeidd ein tiltaksplan på aktuelle program for å betre gjennomstrøyminga. Tiltaka omfattar mellom anna streng opptakspraksis, systematisering av midtvegsevalueringa, tilpassing av opplæringsdelen, rettleiaropplæring og rettleiarforum.

HVL har også ei eiga arbeidsgruppe som har utarbeidd ein tiltaksplan for betring av stipendiatane sine lærings- og arbeidsvilkår, mellom anna basert på ei spørjeundersøking blant stipendiatane i HVL sine ph.d.-program. Forslag til tiltak er under behandling i institusjonen og oppfølginga vil ta til i 2025.

Vitskapleg publisering

Publiseringstala for 2024 er ikkje klare før i april. HVL rapporterte i 2023 inn 973 vitskaplege publikasjonar. Desse gav til saman 804,2 poeng. Samanlikna med 2022 er dette ein nedgang på 6% i tal publikasjonar (-57 stk.) og på 14% i poeng (-132,35 poeng). Nedgangen står i kontrast til den jamne auken HVL har hatt i publiseringar dei siste åra. Tala varierer frå fakultet til fakultet og internt på fakulteta. HVL sitt forskings- og innovasjonsutval og fakulteta har i løpet av 2024 arbeidd med å finne forklaringar som kan gi grunnlag for tiltak som kan snu utviklinga. Noko av forklaringa på nedgangen meiner ein skuldast naturlege svingingar i publisering og andre samanfallande faktorar. Det har det siste året vore fokus i organisasjonen på at kvalitet vektleggast framfor kvantitet i publisering, og å utvikle gode rutinar og prosedyrar som sikrar at anerkjende forskingsetiske normer blir følgt i publiseringsarbeidet. I tillegg har vi arbeidd med å auke talet publiseringsaktive tilsette, tydeleggjere resultatindikatorar knytt til publisering i anerkjende publiseringsskanalar som held god kvalitet i kriteria for tildeling av intern FoU-tid og auke delen eksternfinansierte forskingsprosjekt som ofte inneber publisering som del av leveransen.

Publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap har også hatt ein liten nedgang dei siste åra, men her har HVL hatt høge tal samanlikna med andre institusjonar tidlegare. Ser vi på del publikasjonar med open tilgang, har HVL ein fin auke frå 2022 til 2023. HVL er dermed på rett veg mot regjeringa sitt mål om at all norsk forskning skal vere ope tilgjengeleg³.

	2020	2021	2022	2023
Publiseringspoeng per faglege årsverk.	0,69	0,73	0,74	0,63
Forfattardelar på nivå 2.	13,9 %	14,2 %	16,9 %	13,5 %
Publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap.	54 %	52 %	51 %	49 %
Publikasjonar med open tilgang.	57 %	60 %	62 %	69 %

Tabell 7: Vitskapleg publisering. Kjelder: Cristin og DBH.

2. Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet

Utfordringane i samfunnet blir meir komplekse, noko som krev tverrfagleg forskning og tett samarbeid med samfunns- og arbeidsliv for at forskingsbasert kunnskap skal få gjennomslag i samfunns- og arbeidsliv. Samarbeid i regionen gjer at vi raskt fangar opp nye kunnskapsbehov, og at vegen frå forskning til at kunnskapen blir teken i bruk er kort. Her trekk vi fram nokre døme som viser korleis forskning ved HVL får gjennomslag i samfunnet. Forskarar samarbeider med kraftprodusentane Lyse Produksjon og Østfold energi om å prøve ut kunstig intelligens i overgangen til eit grønar energisystem. Forskarane jobbar med å rekne ut korleis kraftprodusentane kan regulere fyllingsgraden i vassmagasina betre. Avgjersler som berre er ein prosent betre enn før, vil kunne utgjere milliardar av kroner og bidra til å dempe energikrisa.

Ved HVL arbeider forskarar saman med Hordaland Røde Kors for å teste ut effekten av ordninga sosial resept i Norge, der fastlegar kan vise pasientar som er einsame til frivillige i Røde Kors. Fleire studiar i andre land tyder på at sosial resept fører til lågare utgifter og mindre press på helsetenestene.

Ekstern finansiering, søknadar og prosjekt

Omfanget av eksternfinansierte forskingsprosjekt er ein indikator på korleis høgskulen lukkast med å få større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet og på kvalitet i forskinga. I 2024 var bidragsinntektene frå EU sitt rammeprogram for forskning, Horisont Europa, 16,05 mill. kr og frå Forskringsrådet var dei 90,9 mill. kr. Inntektstala per faglege årsverk er 13 410 kr for Horisont Europa og 75 980 kr for Forskringsrådet.

³Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler - regjeringen.no

Det største tilslaget i 2024 kom med tildeling i European University Initiative. HVL fekk i 2024 status som europeisk universitet i allianse med sju andre. Alliansen heiter ARTEMIS – Alliance for regional transition, equality, mobility, inclusion and sustainability. Hovudfokus for alliansen er regional utvikling. I løpet av dei neste fire åra vil vi bygge struktur for langvarig samarbeid innanfor utdanning, forskning og innovasjon. Gjennom alliansesamarbeidet vil vi jobbe med å utvikle oss som institusjon. Prosjektet vil mellom anna bidra til å styrke tilbodet av utdanningar med høg kvalitet, utviklinga av fleksible utdanningar og etableringa av studentaktive lærings- og undervisningsformer. I tillegg vil det bidra til å sikre eit meir mangfaldig og internasjonalt miljø, gi prioritet til tverrfagleg forskning saman med samfunns- og arbeidsliv og bygging av innovasjonskapasitet gjennom forskning og utdanning i samskaping med partnarar i samfunns- og arbeidsliv.

	2021	2022	2023	2024
Tildeling frå Forskringsrådet og RFF	74 230	76 940	87 554	90 915
Tildeling frå Forskringsrådet og RFF per faglege årsverk	60,49	61,08	68,85	75,98

Tabell 8: Tildeling frå Forskringsrådet og Regionale forskingsfond (alle tal i tusen kr).
Kjelde: Årsrekneskap HVL og Database for høgare utdanning, DBH

	2020	2021	2022	2023	2024
Tildeling frå EUs rammeprogram (i 1000 kr)	0	0	0	11 146	16 053
Midlar frå EU (totalt) per faglege årsverk (i 1000 kr)	5,34	3,86	11,16	14,94	19,87
Midlar frå Horisont Europa per faglege årsverk (i 1000 kr)	4,02	2,96	7,12	8,77	13,41
Midlar frå ERASMUS+ per faglege årsverk (i 1000 kr)	1,32	0,90	4,04	6,18	6,44

Tabell 9: Bidragsmidlar frå EU. Kjelde: DBH, Årsrekneskap HVL.

Høgskulen deltok i 24 søknadar til Horisont Europa i 2024, dette er ein auke på tre søknadar samanlikna med 2023. Av dei innsendte søknadane er 11 som koordinator, og to av desse fekk tildeling. Desse to prosjekta (Food-mission og SkillRecilliance4EU) adressera særskilt relevante problemstillingar nasjonalt og internasjonalt innan digitalisering og grøn omstilling, og berekraftige matsystem. Tildelingane syner at HVL held høg kvalitet på søknadane og evnar å innhente eksterne midlar innanfor våre strategiske satsingsområde i forskning.

Høgskulen har hatt ei positiv utvikling dei siste åra når det gjeld innhenting av midlar frå EU. Ved utgangen av

Høgskulen har hatt ei stabil aukande omsetjing frå Forskringsrådet dei siste åra, og i 2024 er auken større enn i føregåande år. I 2024 sendte høgskulen inn seks søknadar om kompetanse- og samarbeidsprosjekt og 13 søknadar om forskarprosjekt til Forskringsrådet, mot 14 søknadar om samarbeidsprosjekt og 22 forskarprosjekt i 2023. Totalt blei det sendt 37 søknadar til Forskringsrådet i 2024, mot 45 innsendte i 2023. Nedgangen i talet søknadar for 2024 kan dels forklarast med at det ikkje var lyst ut midlar til helseforskning i 2024 og at mange av dei forskingsaktive vitskaplege er engasjert i pågåande prosjekt. Ved utgangen av 2024 var det 50 aktive prosjekt finansiert av Forskringsrådet der høgskulen er prosjekteigar med ein samla verdi på ca. 500 mill. kr. HVL fekk innvilga 13 prosjekt i 2024 med ein samla verdi på ca. 56 mill. kr.

Høgskulen har særskilt lukkast med søknadar om forskingsprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt, men har eit uforløyst potensiale når det gjeld tal søknadar og tildelingar av forskingssenter. Senterordningar er ei langsiktig satsing og forplikting for institusjonen og bygger på eit fundament av framifrå kvalitet i forskning og/eller innovasjon.

2024 har høgskulen 14 aktive Horisont Europa prosjekt, og er koordinator i halvparten av desse. Tildelingar frå EU per faglege årsverk har auka monaleg i perioden (tabell 9). Dette kan vere resultat av at høgskulen har arbeidd med kompetanseheving både hjå forskarar og forskingsrådgevarar, hatt auka merksemd på søknadsmoglegheiter i EU-programma, og i tillegg har HVL knytt til seg forskarar og rådgevarar med relevant erfaring og kompetanse. Høgskulen må framover vere medvitne om å fortsetje å bygge kompetanse blant forskarar og vera målretta i rekrutteringsarbeidet for å sikre at nye søkjarar kjem til.

Det er eit mål å auke ekstern inntening, og i den samanheng lanserte HVL Prosjektplassen, ei digital løysing for innmelding av søknadar om eksternfinansierte prosjekt. Målet med løysinga var å leggje til rette for fleire eksternfinansierte søknadar gjennom å gi betre oversikt over den eksternfinansierte aktiviteten ved høgskulen og dei ulike einingane, samt forenkle og gi betre oversikt over interne prosessar. Det er utvikla rapportar som kan brukast strategisk for å få oversikt, planlegge og vidareutvikle dei ulike einingane og høgskulen sitt framtidige arbeid knytt til eksternfinansiert verksemd.

Ansvarleg globalt kunnskapssamarbeid

HVL har hatt fokus på å auka samarbeid også med prioriterte land utanfor EU, og då særleg landa omfatta av Panoramastrategien. Det blir arbeidd strategisk i organisasjonen med korleis vi skal bygge internasjonale partnerskap og i 2024 har ei satsing på Panoramalanda vore diskutert i dei sentrale utvala, det har blitt utvikla landrapportar for Panoramalanda, samt vore dialog med fakulteta om potensialet for internasjonale partnerskap knytt til faglege satsingar. Utvikling av partnerskap i Panoramalanda har til dømes materialisert seg i fleire søknadar om internasjonalt kunnskapssamarbeid innan UTFORSK og Indo-Norwegian Cooperation Programme in Higher Education and Research (INCP2). HVL fekk tilslag på heile seks prosjekt innan UTFORSK og eitt innan INCP2, innan sentrale fagfelt for HVL, som klimaendringar, innovasjon- og entreprenørskap, energi og helse. Prosjekta er viktige for å styrke internasjonalt kunnskapssamarbeid med dei viktigaste kunnskapsnasjonane utanfor Europa og bidreg til å forbetre undervisninga og samtidig løyse ulike samfunnsutfordringar gjennom samarbeidet.

HVL starta i 2024 arbeidet med å utvikle ein internasjonalt plattform og handlingsplan for internasjonalt kunnskapssamarbeid. I 2024 har høgskulen lansert nettsider om ansvarleg internasjonalt samarbeid.

Forskningsbasert innovasjon og kommersialisering

I løpet av dei siste åra har HVL sett ein auke i talet på innmelde forretningsidéar og i 2024 blei det registrert heile 22 slike idéar. Medan det har vore ein jamn auke i registrerte TTO-idéar har vi også sett ei markant auke i kommersialiseringar. I 2024 har HVL lukkast med å oppnå fem kommersialiseringar, noko som representerer eit gjennombrut for høgskulen sitt arbeid med forskningsbasert innovasjon. Dette inkluderer tre lisensavtalar og to selskapsetableringar innan både digital teknologi, grøn energi og sikkerheitsapplikasjonar. Resultata viser

at høgskulen si strategiske satsing på kommersialisering byrjar å gi resultat, med ein mangfaldig portefølje som reflekterer både samfunnsnytte og økonomisk potensial. I 2024 er det òg sendt inn tre søknadar til Forskringsrådet si utlysing for kommersialisering av offentleg finansierte forskning, der to kvalifiseringssøknadar fekk tilslag, medan vi ventar på svar om ein verifiseringssøknad. Auka idetilfang er eit direkte resultat av HVL sin målretta innsats for å stimulere til innovasjon blant tilsette og studentar gjennom tett samarbeid med Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS) og verktøy som Program for idéutvikling. Høgskulen gjekk frå å bruke tre kommersialiseringsaktørar til å bruke VIS frå 01.01.2024.

Program for idéutvikling er eit lågterskel innovasjonsprogram som støttar innovasjonsprosjekt i tidleg fase, og som spelar ei viktig rolle i å leggje til rette for nye prosjektsøknadar, og utvikling av nye produkt og tenester i privat og offentleg sektor. HVL hadde si tredje utlysing våren 2024, og talet søknadar har stege frå 18 i 2022 til 28 i 2024. Programmet er populært og har stor interesse i høgskulen sine fagmiljø, både blant tilsette og studentar. Tilbakemeldingane frå den eksterne evalueringskomitéen er at søknadane frå HVL held høg kvalitet, og både i 2023 og 2024 ville komitéen innstille fleire søknadar for finansiering enn det som var tilgjengeleg av midlar. I alt fekk fem prosjekt tildelt støtte, av desse er det tre tilsette- og to student-prosjekt. Tre av prosjekta omhandlar utvikling av kunstig intelligens-verktøy, eitt er knytt til berekraft.

3. Meir tverrfagleg forskningssamarbeid

HVL har ein klar ambisjon om å vere eit regionalt forankra profesjons- og arbeidslivsnært universitet. Det blir arbeidd med ein policy for forskinga vår, der ein tek sikte på å utarbeide målsettingar som skal løfte både kvalitet, ekstern inntening og tematisk innretting. Alle høgskulen sine ph.d. program er i sin natur tverrfaglege, dei har stor bredde. Dette bidreg til at vitskapleg tilsette og ph.d.-kandidatar frå ulike fagområde arbeidar saman om forskning og i utdanning og rettleiing av ph.d.-kandidatar. I ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling er prosjekta tverrfaglege og tett på samfunns- og arbeidsliv og bidreg til løyse samfunnsutfordringar.

Samanslåinga av to fakultet (Fakultet for ingeniør- og naturvitskap og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap) til Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap frå 01.01.24 medførte at ein no har større institutt med breiare fagområde som dermed legg til rette for

meir tverrfagleg forskning og vonleg vil det kome synergisar frå denne omstruktureringa. Det nye fakultetet har fokus på å styrke faglege profilområde, med særskilt målsetting om å auke tverrfagleg samarbeid i fakultetet, på tvers i høgskulen og ut i samfunnslivet. Det pågåande tverrfaglege prosjektet FME HyValue er eit døme på korleis fakultetet inkluderer både teknologiperspektivet og leiing/innovasjon i ulike samanhengar.

HVL sine eksternt finansierte prosjekt har høg grad av tverrfagleg forskningssamarbeid, då dette er eit premiss for å lukkast med tildeling. Vidare er forskargruppene ved fakulteta gode arenaer for tverrfagleg forskningssamarbeid.

Høgskulen sendte sju søknadar (to som koordinator og fem som partner) til fyrste runde i søknadsprosessen om Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI) hjå Forskingsrådet i 2024. Mellom anna var SFI Proton (HVL koordinator) og SFI Repo (HVL partner) tverrfaglege søknadar som involverte fagmiljø ved Handelshøgskulen, Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag og Institutt for maskin- og maritime studium ved Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap. Av desse sju søknadane, gjekk berre ein vidare til neste runde, nemleg prosjektet BetterAge, leia av Universitetet i Bergen. I samband med regjeringa si satsing på kunstig intelligens og digitale teknologiar, blei det i 2024/2025 lyst ut midlar til å etablere fire til seks forskningssenter for kunstig intelligens (KI-senter) i regi av Forskingsrådet. I alt deltok HVL i sju søknadar om å bli KI-senter innan eit breitt spekter av område som partikkelfysikk, medisin, musikk, energi og utdanning. Svar på søknadane er venta i juni 2025.

Digital helse er ei tverrfagleg satsing som samlar kompetanse frå helse- og sosialfag, ingeniør- og datavitskap, samt økonomi og samfunnsvitskap. Målsettinga er å utvikle ny kunnskap og innovative løysingar for å styrke helsetenestene gjennom digitalisering, velferdsteknologi og e-helse. Samarbeid med Helse Fonna, Helse Bergen, Helse Førde, NAV og kommunale helse- og omsorgstenester sikrar at forskinga er praksisnær og relevant for sektoren. Det er engasjert ein professor som leier programmet, finansiert av dei to fakulteta (FHS og FTMS), og etablert ein styringsstruktur gjennom ei felles tverrfakultær styringsgruppe med representantar på dekan-nivå og instituttnivå i dei to fakulteta. Satsinga har allereie resultert i forskingsprosjekt innan velferdsteknologi, kunstig intelligens i helsetenester, digital samhandling og avgjerdsstøtte for helsepersonell.

Det blir arbeidd med å sikre ei langsiktig forankring av digital helse som tverrfagleg satsing både i HVL og via søknadar om ekstern finansiering frå ulike forskings- og innovasjonsprogram, og HVL har spelt inn ønske om studieplassar til å bygge utdanningskapasitet innan digital helse, som satsingsforslag for budsjett 2026.

HVL er også partner i Driv – senter for kvinnehelse saman med UiB, Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Helse Bergen og Bergen Kommune. Senteret skal fremje forskning som bidreg til å eliminere kjønnsbaserte ulikheiter i helsevesenet.

Mål 2: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane ved HVL skal dekkje framtidens kompetansebehov

I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) jobbar høgskulen med å styrke tilbodet av utdanningar med høg kvalitet og med gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d.-grad. Studietilbodet vårt skal vere fleksibelt og tilpassa studentar i ulike livsfasar. Kortare utdanningar skal vi kunne innpasse i gradsstudia. Høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykkast, og vi arbeider målretta med rekruttering, relevans og tilgjenge. Vi har eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande. Vi vektlegg studentaktive lærings- og undervisningsformer som engasjerer og fremjar læring på både fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Studentar tek del i forskning, noko som hevar kvaliteten i utdanningane våre. Som det komande profesjons- og arbeidslivsretta Universitetet på Vestlandet gir vi studentar tilbod om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet i stadig fleire studium.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål:

4. Meir relevans i studietilbodet

5. Auka kvalitet i utdanningane

6. Meir fleksibilitet i studietilbodet

4. Meir relevans i studietilbodet

HVL har fokus på å auke relevansen i utdanningane gjennom tett samarbeid med næringsliv, offentleg sektor og samfunnslivet elles. Ved å integrere praksisnære oppgåver og praktiske erfaringar i studia, sørgjer vi for at studentane tileignar seg naudsynt kompetanse og ferdigheiter som er etterspurde i arbeidsmarknaden. Mellom anna utviklar vi no vår masterportal der koplinga

mot forskargruppene internt i HVL og samarbeidet med eksterne samarbeidspartar skal styrkast.

Å kople studentane sine ynskje med samfunnet sine krav og behov, krev omstilling og tilpassing av institusjonen sine utdanningsområde. Dialog med offentlege og private aktørar gjennom kompetanseforuma i regionen syner at om lag alle typar verksemdar har utfordringar med å rekruttere folk med rett kompetanse.

Dimensjonering av utdanningstilbodet

Sentrale premiss i HVL sitt arbeid for å utvikle den eigenfinansierte studieporteføljen er:

- å prioritere og dimensjonere studieporteføljen til søkjartilfang og behov i arbeidsmarknaden på kort og lengre sikt
- å sikre kvalitet og relevans i utdanningane, som bidreg til god studentrekruttering og gjennomstrøyming
- å tilby fleksible utdanningar tilpassa studentar i ulike livsfasar
- å styrke alle fem campus som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring
- at forskingsverksemda er ein sentral drivar i å utvikle eksisterande og nye studieprogram

Med grunnlag i desse premissa og den økonomiske berevna har HVL vurdert dimensjoneringa for dei komande åra. Det kjem tydeleg fram i vårt arbeid at noverande ressursbruk har vore for høg i høve til aktivitetsnivået i studieporteføljen. I oppdragsbrev fra rektor er det understreka at høgskulen samla må ta grep for å betre tilpasse aktiviteten til stramme økonomiske rammer.

For å knyte økonomi og studieportefølje betre saman, har fakulteta kartlagt bruk av tildelte studieplassar og vurdert tiltak som justering av emne, programstruktur, ressursfordelingsmodellar og reduksjon av ledig kapasitet i arbeidsplanar. Det blir også vurdert ytterlegare tiltak for å auke gjennomstrøyminga.

I studieåret 2025/26 vil to nye gradutdanningar bli starta opp. Nedlegging av studieprogram skjer på omtrent same nivå som tidlegare år. Av programma som blir lagde ned, blir dei fleste del av nye eller reviderte tilbod, eller studieplassar overførte til andre program på same campus. Fleire program blir no tilbydde på deltid eller som nettstudium.

Fakulteta ser vekstmoglegheiter i fleksible utdanningar og endra opptakskrav, og har dialog med arbeids- og næringsliv for å kartleggje kompetansebehov og målrette rekrutteringa. Fakulteta vurderer også tiltak for program med dårleg rekruttering over tid.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) justerer ned opptaket til fleire bachelor- og masterprogram, og legg ned to retningar ved Master i kunnskapsbasert praksis og endrar utdanninga til eit heldigitalt tilbod. FHS viser til god rekruttering og produksjonsgrad på dei fleste programma.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) peikar på at nasjonale rammeplanar er viktige for deira portefølje. FLKI avventar store endringar til Kunnskapsdepartementet har gjort sine vidare val. Dei omdisponerer studieplassar til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning i Bergen, Førde og Voss/Hardanger.

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitenskap (FTMS) vidarefører det meste av porteføljen sin for 2025/26, men søker om vesentlege endringar for program med låg rekruttering. Dei føreslår nulloptak for nokre program der det trengs meir tid til diskusjonar og som ikkje har finansierte studieplassar. Vidare flyttar dei studieplassar mellom institutt og frå Bachelor i fornybar energi til Bachelor i landmåling og eigedomsdesign.

I statsbudsjettet for 2025 får høgskulen 76 studieplassar for vidare oppbygging. Utdanningsplassar frå Utdanningsløftet 2020 blir fasa ut frå 2025. Det er mindre justeringar i dimensjonering av studieplassar, og tiltak blir gjort for å balansere opptaksrammer og auke rekrutteringa.

Omstillinga tek tid, og høgskulen har avgrensa kontroll over faktorar som påverkar tildelingar frå Kunnskapsdepartementet (KD), som konjunktursvingingar, studentrekruttering og politiske signal. Det er ei stor utfordring å fylle studieplassane til ei kvar tid, men HVL meiner grepa som er synt til over er med på å auke den samla måloppnåinga.

Studentrekruttering og opptak

HVL har auka marknadsdelen nasjonalt, og auken skuldast i stor grad fleire nettstudentar og ein merkbar auke i studentar på grunnskulelærerutdanning og sjukepleie. Kampen om studentane er tøff og bygginga av omdømet til HVL og dei utdanningane vi skal rekruttere studentar til er ein av dei viktigaste oppgåvene for alle tilsette.

Med grunnlag i oppdaterte tal frå DBH er tal heiltids-ekvivalentar noko høgare enn i 2023, men ikkje attende på nivå frå 2021. Omdømmebygging og merkevarebygging står sentralt i arbeidet med rekruttering av fleire studentar. God studentrekruttering er kritisk for den økonomiske berekrafta til HVL.

I tillegg til digital marknadsføring, som blir viktigare og viktigare, prioriterer HVL skulebesøk, ambassadørverksemd og eigne arrangement framfor å delta på dei store kommersielle utdanningsmessene. Det blir fortløpande vurdert nytteverdi og eventuell deltaking på andre mes-ser i regionen. Vi har tett dialog med dei vidaregåande skulane i regionen, og arbeider saman med Utdanning i Bergen og dei to fylkeskommunane for å kunne tilby ulike rekrutteringsaktivitetar for elevane. Det er gjennomført rådgjeversamlingar og campusomvisingar for elevane på kvart campus. Vi held fram arbeidet med å nytte stadig fleire eigne studentar som ambassadørar som kan bidra i fysiske rekrutteringstiltak og samstundes lage innhald til våre offisielle sosiale medium-kanalar. Samordna opptak, Google og hvl.no held fram med å vere viktige kjelder for informasjon om utdanningane våre. Gjennom brukartesting av studietilbodssidene for visning på mobil tilpassar vi oss ei utvikling der stadig meir skjer via mobiltelefon og ikkje via desktop.



HVL og Equinor har inngått ei ny rammeavtale som gir fagarbeidarar tilbod om å vidareutdanne seg til prosessingeniørar.

HVL sin omfattande studieportefølje er fordelt på tre fakultet og fem ulike campusar. Dei fleste studium er campus-baserte, men det er ein auke i nettstudium for å tilpasse oss dei som ynskjer å studere frå «eiga stove».

Analyse av utviklingstrekk og trendar for kvar campus gir oss nokre signal som har vore synlege over tid. Sogndal er den campusen som skil seg mest frå dei andre gjennom å rekruttere fleire studentar frå andre delar

enn kjerneområda våre i Vestland og nordre del av Rogaland. Samstundes syner òg rekrutteringsundersøkinga over tid at mange vel Sogndal som studiestad grunna friluftsliv og godt rykte i høve studentmiljø.

Stord, Førde og Haugesund ber meir preg av å vere «lokale» studiestadar. Ein monaleg del av studentane ved desse campusane vel HVL grunna nærleik til heimen. Dette og fleire nettstudentar syner kanskje at mange er opptekne av at det må vere praktisk «enkelt» å vere student. Viljen til å flytte på seg kan synast å vere lågare etter pandemien.


Som mange år på rad er det dei store byane som er vinnarane i studentrekrutteringa i nasjonal samanheng. Ein del av HVL sine studentar i Bergen fortel at det var andre byar som var alternativet til å det å studere ved HVL.

Sjølv om geografi ofte får mykje fokus når HVL drøftar studentrekruttering, er det viktig å merke seg at mange vel studium ut frå personleg interesse og lidenskap for eit fagfelt. Studentane er stadig meir opptekne av kva arbeid dei kan få etter ferdig utdanning, og praksis i utdanningane blir høgt verdsett. Dette stadfestar at HVL si strategiske målsetjing om å vere tett på arbeidslivet er både rett og viktig og kan gjerast til eit endå sterkare konkurransefortrinn i tida som kjem.

I overkant av 3900 nye studentar møtte til årsstudium, bachelor og integrert master hausten 2024, det er 495 fleire jamført med 2023. Til dei ledige studieplassane ved sjukepleie- og grunnskulelærer-utdanningane har HVL i eit ekstra lokalt opptak tatt opp studentar med generell studiekompetanse, etter fjerning av karakterkrava på sjukepleie og dispensasjon frå krava på grunnskulelærerutdanningane. HVL fekk 184 ekstra studentar til grunnskulelærerutdanninga og 205 ekstra til utdanninga i sjukepleie gjennom dette lokale opptaket, og totalt har det starta 459 nye grunnskulelærarstudentar og 642 nye sjukepleiestudentar. Her er det nokre skilnadar mellom campusane, der Sogndal ikkje såg like stor effekt på søkjartala gjennom lokalt opptak som dei to andre.

Det har vore særskilt god søknad til programma som er gjort om frå campusbaserte til heildigitale program på campus Sogndal, dette utgjør 318 studentar fordelt på fire årsstudium og to bachelorprogram innan historie, sosiologi og årsstudium i engelsk. Vi ser at desse programma er populære særskilt blant dei eldre studentane, og det store fleirtalet av studentane her er i aldersgruppa 26-40 år. Denne aldersgruppa er også i klart

fleirtal på bachelorprogramma som går på deltid, både når det gjeld barnehagelærar, sjukepleie og vernepleie på alle campus. Her ligg til samanlikning tilsvarande heiltidsprogram med eit klart fleirtal av studentane frå 19 til 25 år.



Figur 3: Prosentvis endring i tal nye studenter som har møtt til studiestart pr. campus, i høve til 2017 (Kjelde: Felles studentsystem - FS)

Etter- og vidareutdanning (EVU)

HVL spelar ei avgjerande rolle i å fremje kompetanseutvikling gjennom etter- og vidareutdanningsaktivitetar på Vestlandet. Gjennom eit EVU-prosjekt har HVL i 2024 sett på både overordna organisering, student- og oppdragsreisa, fagleg kapasitet og administrativ organisering av området. Resultata frå prosjektet blir no nytta som grunnlag for ei kvalitativt betre satsing på etter- og vidareutdanning. Denne aktiviteten er ikkje berre viktig for å møte etterspørsel og dekke behova i den regionale arbeidsmarknaden, men og for å oppretthalde og styrke faglege miljø ved HVL. Ved å tilby relevante og oppdaterte utdanningstilbod bidreg HVL til å styrke kompetansen til arbeidstakarar og verksemdar. Det igjen kan støtte regional økonomisk vekst og innovasjon. Dette gir ein direkte fordel til både privat og offentlig sektor, og sikrar at heile Vestlandet som region er rusta til å møte framtidige utfordringar. EVU er difor essensielt for å bygge kunnskap som både støttar individets karriereutvikling, løfter verksemdar og bidreg til samfunnets samla velferd.

Modell for læringsdesign

Strukturar og samarbeidsformer i ein institusjon er sentralt i arbeidet med å fornye pedagogisk praksis i organisasjonen. HVL har utvikla ein modell for læringsdesign, og vidareformidla dette til emneansvarlege gjennom ein pilot med eigen modul om emnedesign i UH-pedagogikk-kursa hausten 2024. Dette er basert på forskning som viser at det å skape samanheng i emne og studieprogram er noko av det viktigaste vi kan arbeide med for at utdanningane skal opplevast som meir meningsfylte og engasjerande og dermed også auke studentgjennomstrøyminga.

5. Auka kvalitet i utdanningane

Kvaliteten i utdanningane våre blir sikra gjennom systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling av kvalitet i emne og studieprogram. Vi er avhengige av god organisering og leiing på ulike nivå i utdanningane, og gode kanalar for medverknad, dialog og samarbeid med studentar og arbeidslivet rundt oss.

Høgskulen sin årlege utdanningskvalitetspris blir gitt ut til nokon som har gjort ein markant innsats i arbeidet for å utvikle den samla utdanningskvaliteten. Vinnaren i 2024 var høgskulelektor ved barnehagelærarutdanninga på Stord, Maritha Berger Nylund. Nylund har hatt eit sentralt ansvar som profesjonsrettleiar og emneansvarleg ved barnehagelærarutdanninga på Stord, ei utdanning som har fått gode resultat på Studiebarometeret.



Maritha Berger Nylund er mykje i skulehagen på Stord både saman med barnehagebarna og barnehagelærarstudentane.

Systematisk kvalitetsarbeid

NOKUT varsla sommaren 2024 at det vil bli gjennomført periodisk oppfølging av det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVL i 2025. HVL har gjennom 2024 arbeidd med revidering og oppdatering av kvalitets-systemet for utdanning. Det har vore fokus på å få på plass gode retningslinjer for rapporteringslinjer og sjå på mandatet til og organiseringa av studieprogramområda. I tillegg er det gjort nokre strukturelle endringar slik at oppsettet av rammeverket betre speglar Forskrift til universitets- og høgskulelova. Arbeidet skal vere godkjent i februar 2025. Status som merittert undervisar blir tildelt tilsette i utdanningsfaglege stillingar som har gjort ein særleg innsats for å sikre utdanningskvalitet i brei forstand. Etter å ha gjennomført ei pilotordning med to utlysingar sidan 2021, har rektor gjort vedtak om etablering av fast ordning for merittering i HVL, med utlysing annakvart år. I samband med dette blir det etablert eit pedagogisk akademi der dei meritterte både kan utvikle eigen utdanningsfagleg kompetanse, og bidra til kollegial kunnskapsdeling.

Auke gjennomstrøyming

Etter nedgang i del master- og bachelorstudentar som gjennomfører på normert tid i 2023 har det i 2024 vore eit auka fokus på kartlegging av tiltak for å auke gjennomstrøyminga og hindre fråfall. HVL har gjennomført ei brei kartlegging som har gjeve auka innsikt. Blant det som blir trekt fram som dei beste tiltaka ser vi at tett oppfølging av studentane, spesielt tidleg i studieløpet er viktig. Både utdanningssamtalar, rett balanse i arbeidsmengde og evaluering i tett samspel med studentane synest å ha effekt. Arbeidslivsrelevans blir trekt fram som svært viktig for studentane, og utdanningar som tydeleg syner fram gode koplingar til det framtidige

arbeidslivet ser ut til å få betre gjennomstrøyming for sine studentar. Her nyttar mange tidlegare studentar som kjem attende for å fortelje om det “faktiske” livet etter fullført utdanning.

I travle og hektiske studentkvardagar er bygging av relasjonar peikt på som viktig. Mange av studieprogramma legg difor vekt på fagsosiale tiltak for å skape gode faglege og sosiale relasjonar. Dette understøttar inntrykket frå den årlege rekrutteringsundersøkinga om at fleire av studentane kjenner seg utrygge ved oppstarten av studentlivet og treng tette relasjonar for å lukkast som studentar.

Indikator	2021	2022	2023	2024	Gj.snitt statlige inst. 2024
Andelen studenter på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	59,71 %	60,9 %	57,78 %	54,46 %	50,95 %
Andelen studenter på masterutdanning (120sp) som gjennomfører på normert tid	57,76 %	50,4 %	50,32 %	51,52 %	58,16 %
Andelen studenter på masterutdanning (300sp) som gjennomfører på normert tid		59,63 %	58,83 %	62,19 %	54,07 %

Tabell 10: Gjennomføring på normert tid 2021-2024 (kjelde: DBH)

Kandidatar

Utdanning	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024	Kandidat-måltal 2024
ABIOK	87	116	92	130	65
Bioingeniør	45	52	40	38	39
Teiknspråk og tolking	12	6	10	5	20
Ergoterapi	33	38	32	33	30
Fysioterapi	66	63	77	62	68
Jordmor	34	27	31	32	35
Radiograf	21	36	23	19	25
Sjukepleie	538	521	576	422	463
Vernepleie	126	138	137	82	98
Sum helsefagutdanningane	962	977	1018	823	843
Barnehagelærar	318	307	368	285	256
GLU 1-7	20*	147**	160**	181***	186
GLU 5-10	8*	178**	199**	223****	137
PPU og PPU-Y	177	216	135	142	276
Faglærarutdanning	26	41	39	36	48
Sum lærarutdanningane	549	889	901	867	905
Totalsum	1511	1886	1919	1690	1748

Tabell 11: Uteksaminerte kandidatar 2021-2024 og kandidatmåltal 2024 (kjelde: DBH og Orientering om statsbudsjettet 2024).

*4-årig GLU. 2021 var eit overgangsår frå gamal til ny ordning. ** 5-årig integrert master.

*** I tillegg fullførte 5 GLU 1-7 etter gamal ordning. **** I tillegg fullførte 5 GLU 5-10 etter gamal ordning.

Høgskulen uteksaminerte 3 186 kandidatar i 2024. Med omsyn til utdanningar med kandidatmåltal er det ulike forklaringar på kvifor tal uteksaminert kandidatar er lågare enn kandidatmåltala på nokre av utdanningane.

Vi har over lengre tid slite med å nå måltal på teiknspråk og tolking, og det er sett i verk fleire tiltak. Noko av forklaringa på det store fråfallet i utdanninga er at HVL berre har tilbod om bachelor-utdanning, og ikkje både bachelor og 1-årig teiknspråk som dei andre utdanningsinstitusjonane som har teiknspråk har. Det betyr at studentar som berre er interessert i å studere teiknspråk, sluttar etter eitt år. Det er dessutan utfordrande å lære teiknspråk på eitt år, og deretter skulle gå rett på tolking. Det er avgrensa med forskning på norsk teiknspråk, og det er mangel på læremidlar. Dette gjer det utfordrande for studentane å kunne lære seg teiknspråk utanom undervisninga. Stort fråfall er ikkje noko som er unikt for HVL. Det er det same elles i Norge og i Europa. Gjennom nasjonalt fagorgan har vi søkt om å gjere denne bachelororen om til 4-årig, men har ikkje lykkas med å få det til.

På lik linje med andre UH-institusjonar har det vore ei nedgang i uteksaminerte kandidatar på sjukepleiarutdanninga ved HVL i 2024 samanlikna med 2023. Det er ikkje ei eintydig årsak til at sjukepleiarutdanninga ikkje fyller kandidatmåltallet i 2024. I hovudsak er svikten i kandidatproduksjon for 2021-kullet knytt til eit høgare fråfall og lågare møtt-tal enn kva som har vore tendensen for andre kull. Opptak til deltidsutdanning på fleire campus inneberer i tillegg variasjon i kandidattala frå år til år. Hausten 2021 blei det i tatt opp studentar på deltid ved campus Førde, Haugesund og Bergen. Desse fullfører si grad våren 2025.

HVL jobbar systematisk med tiltak for å styrke rekruttering, auke gjennomstrøyming og redusere fråfall i sjukepleiarutdanninga (jf. omtale på s. 40). Det er grunn til å tru at fråfallet på 2021-kullet har vore unormalt høgt, og at kandidatproduksjonen vil ta seg opp att frå 2025.

Med omsyn til vernepleie er årsaka ei omlegging av studieprogramma, og dermed forsinka kandidatproduksjon. Hausten 2021 blei det etablert deltidsutdanning i Haugesund. Det blei i tillegg gjort ei omlegging frå vår-til haust-opptak på deltidsutdanninga i Sogndal. Det er per dags dato 59 aktive deltidsstudentar på desse kulla som er forventa ferdig våren 2025. Samla sett er det forventa at HVL vil uteksaminere langt fleire vernepleiarar i 2025 enn kandidatmåltalet for 2024.

Med omsyn til PPU har høgskulen hatt færre uteksaminerte kandidatar etter at det blei krav om master, og søkargrunnlaget dermed blei redusert. Det blei sett i verk tiltak i 2024 som vi håpar å sjå effekt av framover, og frå hausten 2025 blir det mogleg å søke toårig PPU-master i tillegg til at vi vil ta opp søkjarar med bachelorgrad og to års erfaring frå skulen. Dette kan gi noko auka opptakstal.

Studiebarometeret

Studiebarometeret er ei årleg nasjonal undersøking knytt til studenttilfredsheit. I undersøkinga i 2024 var det 39 % av studentane på 2. og 5. året ved bachelor- og masterutdanningane ved HVL som svarte på undersøkinga. Mange av spørsmåla i undersøkinga går att år etter år, og gir grunnlag for samanlikning både internt og mot gjennomsnittet for landet. Samla skårar HVL noko under landssnittet for 7 av 11 område, og har ein liten nedgang knytt til spørsmålet: I kva grad studentane alt i alt er nøgde med studia sine, frå 3,8, i 2023 til 3,7 i 2024. Landssnittet er 4,0 av 5. På området «Fysisk læringsmiljø» skårar HVL noko betre enn landssnittet. Det er variasjonar mellom utdanningane.

Høgskulen har mål om både betre resultat på undersøkinga og å få høgare svarprosent - og vil følgje dette opp. Resultata dannar grunnlag for tiltaksplanar på dei enkelte studieprogramma der ein tek tak i nokre av resultata frå undersøkinga og lagar tiltak eller aktivitetar som har som mål å anten forbetre svake punkt eller bevare det som allereie er bra. Undersøkinga blir og brukt på fakultets- og institusjonsnivå. Det er viktig å sjå kva som er kjenneteikn på utdanningsprogram som har gode resultat og lære av desse.

Læringslabar på alle campus

I 2024 blei det etablert Læringslabar i Førde og Haugesund, slik at det no er eit likeverdig tilbod med læringslabar på alle campus. Dei tilbyr tenester, kurs og utlån av utstyr og teknologi som kan gi auka moglegheit for utprøving av nye læringsformer og studentaktiv læring. Læringslabane er og ein møteplass for undervisarar og studentar på tvers av fag og fakultet, samt ein arena der praksisfelt og samarbeidspartar blir invitert inn til felles kurs, kompetanseheving, samarbeid og deling.

6. Meir fleksibilitet i studietilbodet.

For HVL er det viktig å kunne tilby utdanning uavhengig av livssituasjon, geografi og sosioøkonomiske tilhøve. Dette betyr at vi tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod med deltid, nett- og samlingsbaserte bachelor- og masterutdanningar og kortare tilbod.

Studentane kan og ta enkeltemne og få godkjent anna tidlegare utdanning. HVL har vidareført arbeidet frå tidlegare med meir fleksible studiemodellar og fleksibel undervisning og organisering i tråd med etterspurnaden. Her er digitaliseringsarbeidet vårt svært sentralt.

Undervisningsform	2021	2022	2023	2024
Undervisning ved institusjonen	15 856	15 040	14 404	13 859
Desentralisert undervisning	297	204	188	201
Nettbasert undervisning	1 427	1 565	1 891	2 700
Deltidsstudentar	5 134	4 712	5 111	5 350

Tabell 12: Registrerte studenter ulike undervisningsformer (kjelde: DBH og Felles studentsystem (FS))

Betre kopling mot internasjonal kompetanse

Høgskulen har i 2024 halde fram med å nytte Erasmus+ programmet til utvikling av utdanningane og institusjonen, i samarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv. HVL fekk i 2024 tildeling i fleire nye Erasmus+ prosjekt, og viser ein progresjon med at vi i enda større grad enn tidlegare deltek i dei store komplekse tiltaka innanfor Erasmus+. Vi fekk god uttelling i dei sentraliserte tiltaka Erasmus+ kapasitetsbygging og Erasmus+ Europeiske lærarakademi. Innan Erasmus+ kapasitetsbygging fekk vi tildeling som koordinator. Prosjektet skal styrke høgare utdanning og forskning innan rehabilitering i Øst-Afrika. HVL deltok òg som partner i to innvilga søknadar om Erasmus+ Europeiske lærarakademi, som begge omhandlar bruk av kunstig intelligens. Det er første gang HVL har fått tildeling innanfor Kapasitetsbygging og lærarakademi, og det bekreftar tendensen vi ser med at HVL begynner å hevde seg innanfor dei store, sentraliserte tiltaka i EU. I tillegg deltek vi som partner i seks prosjekt innafor Erasmus+ samarbeidspartnarskap. Desse tildelingane er viktige byggesteinar i fakulteta då dei bidreg til å bygge og vidareutvikle fagmiljøa sine internasjonale nettverk, samt at prosjekresultata fører til auka kvalitet i utdanningane som er involvert.

HVL har samla sett hatt ein auke i utreisande studentmobilitet, og har passert nivået frå før pandemien. I 2024 sendte høgskulen ut 414 studentar på utvekslingsopphald på to månader eller meir. I tillegg sendte vi ut 182 studentar på kortare opphald. Det er gledeleg å sjå at den positive utviklinga innafor Erasmus+ og Blended

Intensive Programmes (BIP) held fram: I 2024 reiste 177 av dei utreisande studentane på Erasmus+ utveksling, og av desse var 64 på BIP. Sistnemnde er ein populær ny aktivitet innan studentmobilitet, men som òg er ressurskrevjande å arrangere og sende studentar på.

Utreisande studentmobilitet	2019	2022	2023	2024
Over 2 mnd.	442	299	435	414
Under 2 mnd.	144	61	68	182
Totalt	586	360	503	596
BIP	0	16	14	64
Erasmus+	107	138	144	177

Tabell 13: Utreisande studentmobilitet 2019 (før pandemien) og 2022-2024 (Kjelde: Felles studentsystem (FS)).

Tala for innreisande studentmobilitet til HVL har gått noko ned, men ligg likevel stabilt høgare enn før pandemien. I 2024 tok høgskulen imot 332 studentar på innreisande utvekslingsopphald på to månader eller meir. I tillegg hadde vi 14 studentar på kortare opphald. 286 av studentane kom på ordinær Erasmus+ utveksling, medan ni studentar kom via programmet Erasmus+ Global Mobilitet.

Innreisande studentmobilitet	2019	2022	2023	2024
Over 2 mnd.	266	239	318	332
Under 2 mnd.	7	68	56	14
Totalt	273	307	374	346
BIP	0	64	54	0
Erasmus+	221	279	312	286
Erasmus+ Global mobilitet	4	0	0	9

Tabell 14: Innreisande studentmobilitet 2019 (før pandemien) og 2022-2024 (Kjelde: Felles studentsystem (FS)).

Appen HVL utveksling og nettsidene for utveksling har blitt forbetra med informasjon kring trygghet, klima og medborgarskap, samt indeksar for mellom anna sosial og økonomisk ulikskap for dei ulike landa. Dette vil kunne bidra til meir medvitne og betre førebudde utreisande utvekslingsstudentar frå HVL. Høgskulen har og utvikla dynamiske rapportar for utvekslingshistorikk og utvekslingsavtalar i fakulteta. Desse digitale verktøya bidreg til å leggje til rette for meir strategisk utvikling og samarbeid innanfor denne delen av verksemda.

God førebuing er viktig når HVL har mål om å auke studentmobiliteten til 30%. I 2024 utvikla difor HVL, med hjelp frå NOREC, fellesemna ”Interkulturell kompetanse før studentutveksling” og ”Interkulturell kompetanse etter studentutveksling”, kvart emne på 2,5 studiepoeng. Emna har eigne emneplanar og eksamen for dei som ønsker det, og har fokus på fleirkulturell forståing og interkulturell kompetanse med bevisste val av perspektiv. Høgskulen har behalde fokus på oppbygging av internasjonalisering heime. Mellom anna har mange fagmiljø nytta interne insentivmidlar for å utvikle endå fleire COIL (Collaborative Online International Learning) for å gi studentar interkulturell kompetanse og internasjonalt samarbeid. HVL har òg oppretta Team på Tvers Internasjonalisering heime. Teamet skal bidra til å styrke den internasjonale dimensjonen og internasjonalisering i studieprogramma. Arbeidet blir òg kopla til vår deltaking i ARTEMIS – universitetsalliansen.

Universell utforming og tilgjengelegheit

Universell utforming av IKT har sidan 2022 vore eit satsingsområde for HVL med tre heiltidsstillingar for å styrke tilgjengelegheit og universell utforming av det digitale læringsmiljøet. I 2024 fekk høgskulen prosjektmidlar frå HK-dir og har i samarbeid med tilsette ved grunnskulelærerutdanninga utvikla ein kompetansepakke om universell utforming for studentar på grunnskulelærerutdanninga. For å auke tilgjengelegeita på video i undervisninga har ein i 2024 integrert automatisk KI-generert teksting av høg kvalitet i videoplattformar Panopto, som er ein del av Canvas, læringsplattformar ved HVL.

Mål 3: HVL er ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

I tråd med verksemdstrategien (2023-2030) jobbar høgskulen kontinuerleg med å utnytte potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og styrke rolla vår i den regionale utviklinga. I samskapinga med samfunns- og arbeidslivet tek vi ei leiande rolle, og ved å utøve forskning og utdanning av høg internasjonal kvalitet er vi ein sterk brubyggjar og føretrekt samarbeidspartnar. Vi utviklar fleircampusinstitusjonen og hentar ut gevinstar av samarbeid på kvar campus og på tvers av fleire campusar. Vi jobbar med å styrke alle campusane våre som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring.

I utviklingsavtalen med KD er det definert tre styringsparameter under aktuelt mål. Desse er:

7. Gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar.
8. Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen.
9. Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid.

7. Gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar

HVL utarbeidde i 2024 ein policy for ansvarleg innovasjon og regional utvikling. Formålet er å operasjonalisere verksemda sin strategi og gi retning til vårt arbeid med ansvarleg innovasjon og regional utvikling i tråd med eigar sine føringar. Det er konkretisert aktivitetar og metodar innan desse fire hovudområda: Prioritering av samarbeid på tvers, eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet, levande og særskilte campus, og ein inkluderande akademisk fellesskap.

Campusmøta er komne i gang att på alle campusane, med nytt mandat og samansetting. Studenttala er avgjerande for campusutviklinga, og studentrekruttering og omdømmebygging har difor vore tema på fleire av campusmøta. Det er stor interesse for dette temaet lokalt, og campusmøtet gir høve til å drøfte HVL sitt arbeid knytt til den enkelte campusen.

På campus Førde utviklar HVL samarbeidet omkring ”Campus Vie-prosjektet”, der samarbeidet med Helse Førde står sentralt. Her er Helseklynge og Vestlandsleggen (UiB) viktige element. I denne samanhengen utviklar vi samarbeidet mellom dei to fakulteta våre innan helse og teknologi. Teknologiutdanningane i Førde utviklar også nye nett- og samlingsbaserte studietilbod i samarbeid med næringslivet.

I Sogndal er det ei rekkje kompetansmiljø innan ein liten radius, og HVL inngår i samarbeid om delte stillingar, prosjekt og felles fagleg utvikling. I Eigargruppa campus Sogndal er det formalisert eit strategisk samarbeid om infrastruktur, omdømmebygging og felles møteplassar. Utviklingsarbeidet i utdanningane er tett kopla mot arbeidslivet, og døme frå 2024 er nye planar for reiselivsutdanninga og barnehagelærerutdanninga, der studentane skal vere meir ute i verksemdene under studiane. Ei satsing på teknologi er etterspurt frå arbeidslivet i Sogn, og HVL møter dette gjennom godt samarbeid mellom campus Sogndal og campus Førde.

Campus Bergen står i ei særstilling når det kjem til mangfaldet av samarbeidspartnarar og konkurrentar, som òg ofte er dei same aktørane. HVL i Bergen er involvert i dei fleste faglege og administrative samarbeida høgskulen har med eksterne partnarar, men opererer også i eit landskap med sterk konkurranse frå minst fem andre høgare utdanningsinstitusjonar om studentar, faglege ressursar, forskingsmidlar og ekstern finansiering. Arbeidet med campusutvikling i Bergen handlar difor i all hovudsak om å sikre og styrke HVL sin institusjonelle merkevare og posisjon.

På campus Stord er campusutviklingsarbeidet prega av ein felles vilje til endå tettare samarbeid med Sunnhordlandskommunane kring rekruttering til utdanningane på campus. Næringslivet utfordrar også HVL til å ta ei større rolle for å tilfredsstille det auka kompetansebehovet, t.d. gjennom samarbeid med Sustainable Energy og Stord Transition Hub. Oppstarten av deltids-sjukepleieutdanning hausten 2024 og to nye bachelorutdanningar i 2025 (Bachelor i Kunstfag og Bachelor i skulefritidspedagogikk) bidreg til ei positiv utvikling for campus, men samlingsbaserte studieprogram krev også tettare samarbeid med involverte partar på campus for å sikre ei god fordeling av areal, bustad og andre ressursar.

Campus Haugesund vil bygge særpreg og merkevare gjennom ei tverrfagleg satsing på sikkerheit. Det går føre seg fleire prosessar knytt til ombygging og nybygg, mellom anna på sjukepleieutdanninga og maritime studium, som får nye simulatorar. Helsefaga etablerer eit stadig tettare samarbeid om utdanning og forskning med Helse Fonna, kommunar og andre helseføretak. Eit næringsliv i stor vekst har tett dialog med økonomi- og ingeniørfaga, og det blir samarbeidd på fleire nivå, til dømes innan havvind. Saman med blant andre fylkeskommune og vertskommune, næringsforeining og vekstselskap, tar HVL aktiv del i regional utvikling, rekruttering og omdømmebygging. Like fullt er det stort potensial for å skape ein større regional eigarskap til institusjonen.

HVL er del av VINST-alliansen. Alliansen blir jamleg nytta for å synleggjera og dokumentere den særmerkte regionale rolla til desse institusjonane, med eit mål om å betra rammevilkåra for fleircampusinstitusjonane.

Årleg gjennomfører HVL hundretals arrangement for tilsette, studentar og eksterne som bidreg til levande campusar, og i 2024 var det fleire arrangement enn året før. Arrangementsprofil – og portefølje varierer òg

mellom campusane fordi dei gjerne tek utgangspunkt i kva som er aktuelt i den respektive region og ofte oppstår i samspel med regionale aktørar. Nokre sentrale arrangement har vore Ocean Young (Bergen), Samtidsdagane (Stord), Norsk Barnehageforskningskonferanse (Bergen), DigitalHelse (Bergen), Maritim uke (Haugesund) og Klimaomstillingskonferansen (Sogndal). Årleg blir HVL-konferansen arrangert, dette er i hovudsak ein intern konferanse for tilsette og studentar. I 2024 var teamet Kunstig intelligens og framtidens utdanning – med både interne og eksterne innleiarar. Konferansen er eit hybrid arrangement.

750-årsjubileet til Magnus Lagabøtes landslov i 2024 blei markert på alle HVL sine fem campusar bl.a. med utstillingar i biblioteka og ei rekkje opne foredrag med både eigne og eksterne forskarar. Biblioteket fekk midlar til dette gjennom eit samarbeid med andre institusjonar i regionen, fordelt av Vestland fylkeskommune. Biblioteka har også hatt andre faglunsjar og forskingsformidling gjennom heile året, mellom anna under Forskningsdagane.

8. Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen.

Alle fakulteta har delte stillingar eller ordningar med hospitering for tilsette i det arbeidslivet vi utdannar til. Desse ordningane bidreg til at studentane får utdanningar med god kvalitet og solid fotfeste i arbeidslivet, og forskninga ved høgskulen når ut til relevante fagmiljø.

FLKI har etablert delte stillingar og hospitering for å styrke profesjonsfagleg kompetanse. I 2023–24 hadde 35 tilsette ved HVL delte stillingar ved lærarutdannings-skular (LU-skular), medan erfarne praksislærarar kombinerte arbeid ved HVL og skulen. Tilsette ved HVL kunne òg hospitere i LU-skulane.

Desse ordningane styrkjer samhandlinga mellom akademia og praksisfeltet, gir lærarar og forskarar verdifull innsikt og bidreg til meir praksisnær undervisning.

Hospitering og delte stillingar legg til rette for kunnskapsutveksling, didaktisk innovasjon og tettare samarbeid mellom HVL og skulane.

Høgskulen har ei sterk forankring i regionen gjennom omfattande, formaliserte samarbeid rundt praksis innfor ei rekke utdanningar. Dette bidreg i stor grad til samskaping mellom fagmiljø og med regionen.

Vi har forpliktande samarbeidsavtalar der studentane våre deltek i praksisstudiar og bidreg aktivt til tenesteutvikling. Gjennom desse partnerskapa bidreg høgskulen til kunnskapsbasert utvikling av regionen, der utdanning, forskning og praksisfeltet samarbeider til gjensidig nytte. Ordningane knytt til offentleg sektor- og nærings-ph.d. bidreg også til samskaping mellom fagmiljø og regionen. Ved utgangen av 2024 hadde høgskulen til saman sju offentleg sektor-ph.d.-kandidatar og to nærings-ph.d.-kandidatar. Det er i stor grad kommunar i regionen og lokale eller nasjonale bedrifter som er ekstern verksemd(arbeidsgjevar) i desse prosjekta.

Dei fleste av dei ferdig utdanna doktorane er blitt verande på Vestlandet, mange i UH sektoren, både ved HVL og andre institusjonar.

Den mest omfattande samskapinga mellom fagmiljø og med regionen skjer i utdanningane, og det er fleire døme på nye samarbeidsformer. HVL har saman med reiselivsnæringa på Vestlandet utvikla ein ny studieplan for bachelorstudiet i Reiseliv, marknadsføring og leiging. Ønske og behov frå ulike interessentar er kartlagt gjennom møte og presentasjonar, og slik kom nyvinninga med eit heilt semester praksis/Internship til. Handels-høgskulen HVL vil vere den fyrste med dette tilbodet, som inneber ein vinn-vinn situasjon for studentane, HVL og næringslivet.

I 2024 blei prosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane avslutta. Dette er eit NFR-prosjekt over seks år som har bygd næringsretta kapasitet og kompetanse innan robotikk, stordata, digitalisering og automatisering ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning. Samla sett har prosjektet bidrege til at meir enn 220 millionar kroner blir brukt til forskingsprosjekt i regionen, og av dette er 108 millionar kroner utløyst frå Forskringsrådet, og over 60 millionar frå lokalt næringsliv. Prosjektet har lukkast godt med å bygge næringsretta kompetanse og kapasitet ved forskingsinstitusjonane.

Faglege resultat er formidla gjennom meir enn 30 vitenskaplege publikasjonar frå prosjektet, og prosjektet har hatt stor merksemd på populærvitenskapleg formidling – og særleg brukarretta formidling med meir enn 70 møte med unike lokale bedrifter i prosjektperioden.

HVL og dei seks kommunane i indre Sogn har gått i lag om tiltak for å auke rekrutteringa til heiltids barnehagelærerutdanning i Sogndal. Målet er å fremje barnehagefagleg kapasitet og kompetanse i regionen, både på kort

og lang sikt. Eit av tiltaka går ut på at heiltidsstudentane får tilbod om å jobbe i om lag 20 prosent stilling i ein privat eller kommunal barnehage, og at høgskulen legg til rette utdanninga i tråd med dette. Samarbeidet er formalisert i intensjonsavtale med alle dei seks kommunane.

Samskapinga med samfunns- og arbeidslivet skjer på ei rekkje arenaer der HVL deltek med relevante fag- og studentmiljø: Innovasjonsuken OPP, som har arrangement i Bergen og Sogndal, er ein arena for aktørar i innovasjonsmiljøet på Vestlandet. Drivprisen 2024 er ein “grøn innovasjonspris” som næringsliv og offentleg sektor i Vestland samarbeider om. Marint og maritimt næringsliv er involvert i arrangementet Ocean Young, som knyter studentar innan energi- og havteknologi til leiande bedrifter i bransjen. I Maritim uke i Haugesund er den maritime næringa i fokus. På slike arenaer blir studentar og fagmiljø kopla mot relevant arbeidsliv.



I 2024 var det 150-års-markering for maritim utdanning i Haugesund.

HVL samarbeider med maritim næring om grøn omstilling av skipsfarten. Det er tilsett ein stipendiat finansiert av Bergen rederiforening, og blir jobba med å få på plass ein til. Vi har dialog om korleis vi skal utvikle det faglege samarbeidet vidare for å auke kapasiteten til HVL på forskingsfelt som er viktige for den maritime næringa på Vestlandet.

HVL har delteke i arbeidet med utforming av ein ny strategi til Vest-Norges Brusselkontor (VNB), vedteken i 2025. Gjennom den nye strategien prøver ein å lage til ein meir operasjonell metodikk, med klare tematiske prioriteringar, felles satsingar og eit breiare partnerskap.

Alle desse endringane er i HVL si interesse. Medlemskapet i VNB kan gi både eit viktig regionalt nettverk, og samstundes auke gjennomslag og synelegheit i Brussel og Europa. For å nå opp i dei store utlysingane i EU, som adresserer viktige samfunnsutfordringar, lyt ein ha solide regionale partnerskap. VNB kan vere navet i slike partnerskap.

HVL Alumni har gjennom året hatt oppstartsarrangement for fleire studieprogram og campusar. Målet er å bygge ei robust alumni-ordning der tidlegare studentar får sjansen til å bygge nettverk og få fagleg påfyll, og HVL får tettare dialog med arbeids- og næringslivet.

Det er utfordrande å ha god og systematisk oversikt over samhandlinga mellom HVL og arbeids- og samfunnslivet. HVL innfører nå eit kundehandteringssystem (CRM), med mål om å effektivisere intern og ekstern samhandling, og på sikt bidra til auka inntekter. Systemet kan i tillegg bidra til betre analyse av og rapportering om samhandlinga.

9. Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid.

Likestilling, mangfald og inkludering

Inkludering er ein av tre kjerneverdier i HVL sin strategi for perioden 2023 – 2030:

«Høgskulen på Vestlandet sine tre verdier er inkludere, utfordre og samhandle.» ... og vidare: «Ved å inkludere verdset vi mangfald og fremjar fagleg utvikling, tryggleik og trivsel». HVL arbeider aktivt med kartlegging og forbetring av arbeidsmiljøet (ARK-undersøkingar). Dette legg eit fundament for at alle kan føle seg velkomne og inkluderte i arbeidsmiljøet. (Sjå elles omtale av Tilsetting av personar med funksjonsnedsetting i kapittel IV)

HVL har ein eigen handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering.

Kjønnsbalansen blant tilsette ved HVL blir kvart år rapportert inn til Database for statistikk for høgare utdanning (DBH). Aktuell statistikk viser utviklinga knytt til kjønnsfordeling i ulike stillingsgrupper. Kjønnsbalansen har vore stabil over tid. Det er store variasjonar frå fagmiljø til fagmiljø. Medan fagmiljøa knytt til helse- og sosialfag har stor overvekt av kvinner, har fagmiljøa knytt til teknologi, maskin og marin stor overvekt av menn.

Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap fekk i 2024 tildelt 1 million kroner frå Forskringsrådet for å betre kjønnsbalansen i faglege toppstillingar. Leiarane i fakultetet er nøkkelpersonar i arbeidet. Prosjektet heiter "Omstilling mot balanse". Statistikk viser at kvinner er underrepresenterte blant faglege toppstillingar i norsk forskning, og særleg på områda matematikk, naturvitskap og teknologi. Kvifor det er slik og kva ein kan gjere med situasjonen, er viktig i dette prosjektet.

Rådet for likestilling, mangfald og inkludering

HVL har eit eige organ for saker om likestilling, mangfald og inkludering (RLMI). Rådet sitt føremål er å fremje reell likestilling, mangfald og inkludering ved Høgskulen på Vestlandet. Rådet skal bidra til at det ikkje førekjem diskriminering av studentar og tilsette basert på kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, språk, religion og livssyn, politisk syn, organisasjonstilknytning, seksuell orientering, funksjonsevne, alder eller andre forhold. Rådet består av fire vitskapleg tilsette, ein frå administrasjonen, samt to studentrepresentantar.

Prisen for likestilling, inkludering og mangfald (LIM-prisen)

LIM-prisen blir kvart år delt ut til fagmiljø, enkeltpersonar eller studentar ved Høgskulen som har gjort ein merkbar innsats for å setje i verk gode tiltak og aktivitetar som fremjar og synleggjer arbeidet med likestilling, inkludering og mangfald. Årets prisvinnar, Vibeke Vågenes, har gjennom si forskning, utvikling av undervisningstilbod og sitt store engasjement hatt betydning på både individ- og samfunnsnivå. Vågenes sitt arbeid har mellom anna bevisstgjort mange lærarstudentar om betydninga av faktorar som kjønn, inkludering, mangfald og berekraft i undervisninga.



Vibeke Vågenes fekk prisen for likestilling, mangfald og inkludering

Sjukefråvær

Høgskulen har rutinar for førebygging, tilrettelegging og oppfølging av sjukefråvær. Sjukefråværet i 2024 var 5,6 % (med feriefra drag), som er likt med 2023. Det er næraste leiar som har ansvar for oppfølging av sjukefråværet i tråd med rutineane, og det blir gitt opplæring og leiarstøtte i arbeidet. Arbeidsmiljøutvalet blir orientert om sjukefråværet kvart kvartal.

Arbeidsmiljø- og klimaundersøking

I 2024 har HVL gjennomført arbeidsmiljø- og klimaundersøking (ARK), der svarprosenten var på 64,1 %. Vidare er det gjort eit arbeid med retningslinjer og rutinar. Vi har evaluert retningslinjer for varsling, der målet har vore å tydeleggjere innhald og framgangsmåte i varslingssaker. Det er vidare laga rutinar for bruk av spesialrom og gass- og kjemikaliehandtering.

Rapportering på indikatorar som oppfølging av strukturreforma

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren la grunnlaget for ein omfattande reform i UH-sektoren. Bakgrunnen var små, sårbare fagmiljø, spreidde og små utdanningstilbod, samla låg deltaking på internasjonale arenaer for konkurransebasert finansiering og lite internasjonal publisering. Regjeringa ønska å samle ressursane på færre, men sterkare institusjonar, med tydelege faglege profilar, men behalde mangfaldet i sektoren.

Med utgangspunkt i dette fastsette regjeringa seks mål med tilhøyrande indikatorar, og høgskulen er bedt om å rapportere på måla og indikatorane i tabellen under. Desse måla og indikatorane er i stor grad overlappende med mål og parameter omtalt tidlegare i kapittel III. Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma blir derfor ikkje omtalt utover resultattabellen under.

Mål og indikatorar	Resultat		Måltal
	2018	2024	2025
1. Utdanning og forskning av høg kvalitet			
Vitskapleg publisering: publikasjonspoeng per faglege årsverk*	0,5		1,0
Tildeling frå NFR per faglege årsverk (1 000 kr) **	42	75,98	75
Tildeling frå EU per faglege årsverk (1 000 kr)	3	19,87	12
Del årsverk i førstestillingar av faglege tilsette (%)	53	65	65
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (skala 1-5)	3,9	3,7	4,2
Tal avlagte doktorgrader	0	26	35
3. God tilgang til utdanning og kompetanse over heile landet			
Tal studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	790	2 901	950
4. Regional utvikling			
Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per faglege årsverk (1 000 kr)	94	185	130
5. Verdsleiarande fagmiljø			
Del internasjonalt samforfattarskap (%)***	46		50
6. Effektiv ressursbruk			
Del administrative stillingar av totalt tal årsverk (%)	21	24 %	20

Tabell 15: Rapportering på overordna gevinstrealiseringsplan for oppfølging av strukturreforma (Kjelder: DBH, HVL sitt årsrekneskap og Cristin.)

*Resultat 2024 blir publisert i april 2025. Resultat 2023 var 0,63. Sjå omtale i kapittel III.

**Inkludert RFF

*** Resultat 2024 blir publisert i april 2025. Resultat 2023 var 49%. Sjå omtale i kapittel III.

Rapportering på samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskulen hadde ingen avslutta byggeprosjekt i 2024. Sjå omtale av byggeprosjekt i Haugesund under Større byggeprosjekt under utvikling i kapittel V.

Rapportering på midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Kap 226 post 22 – Nasjonalt rekrutteringsprosjekt – kr 10 000 000

Nasjonalt prosjekt for lærerrekruttering sitt arbeid er forankra i *Flere lærere i barnehage og skole, Strategi for rekruttering til lærerutdanningene og læreryrket 2024–2030*, og rekrutteringsprosjektet har hatt stor aktivitet gjennom året gjennom fire innsatsfaktorar.

Det første er **nettverksbygging og samarbeid** med aktørane som har signert på strategien. Prosjektleiari har diskutert samarbeidspunkt med dei ulike aktørane kvar for seg, og har delteke med informasjon og idéarbeid med besøk hos utdanningsinstitusjonar, nasjonale fagorgan for barnehagelærerutdanninga og grunnskulelærerutdanninga, regionale arbeidsgrupper for rekruttering, nettverk for rådgjevarar og for rettleiing av nyutdanna for å nemne noko.

Vidare har prosjektet lagt til rette for **erfaringsdeling og spreiding av idéar**. Prosjektet var involvert i programarbeid og gjennomføring av Erfaringskonferansen 2024 som i heilheit handla om rekrutterande samarbeid og som inspirerte ulike aktørar til å arbeide saman for å styrkje rekrutteringa. Rekrutteringsprosjektet har lagt til rette for at over 50 deltakarar frå ulike utdanningsinstitusjonar og KS hausten 2024 fekk delta på digitalt kurs om arbeidsmetodikken LæreriNord. Nettsida www.laererrekruttering.no er utvikla for å dele erfaringar og idéar.

Det tredje er **informasjonsarbeid** som rettar seg til primærskjolar, men også til meningspåverkarar som foreldre, lærarar, rådgjevarar og samfunnet elles. Gjennom ulike tiltak legg prosjektet vekt på å gi oppdatert og nyansert informasjon, og samtidig inspirere til både utdanningane og yrkene. Rollemodellar har stått på messestand og møtt både primærskjolar og rådgjevarar. Prosjektet har utvikla materiell til bruk på sosiale medium og innhaldsannonser på ulike digitale flater både vår og haust. Rett før årsskiftet opna kampanjennettsida www.blilaerer.no som rettar seg mot utdanningsskjolar.

For det fjerde arbeider prosjektet med å **styrkje kunnskapsgrunnlaget** som grunnlag for dei føregåande punkta. Det er etablert ei forskargruppe med to professorar og ein post.doc som arbeider både for å ha oversikt over forskning på feltet og skape interesse for forskning som kan styrke rekrutteringsarbeidet. I tillegg pågår rekruttering av phd.stipendiat. Dei arbeider for det første med oppdrag med evaluering av dispensasjon frå nivåkrav (eigen omtale under) og for det andre med ein studie om ungdom sine utdanningsval. Rekrutteringsprosjektet har i samarbeid med Respons Analyse gjennomført Lærerundersøkelsen 2024 som er publisert på prosjektnettsida.

Kap 260 post 50 – Profesjonsnære utdanningar – kr 1 000 000

Høgskulen fekk i 2024 tildelt 1 mill. kr til profesjonsnære utdanningar i samband med vedtak om dispensasjon frå nivåkrav for opptak til lærarutdanningane. Løyvinga skulle vere eit bidrag til gjennomføring av tiltak, og ved HVL er dei brukt til ulike kompensierende tiltak. Midlane blir brukt til å kompensere for krava det er gitt dispensasjon frå: karakterkrav i matematikk og norsk, samt krav til tal skulepoeng.

HVL har bygt tiltaka på to premiss: Dei skal følgje prinsippa for universell utforming – vere nødvendige for nokon, men nyttige for alle – utan å framstå som spesialpedagogiske særtiltak. I tillegg skal dei ha varig verdi og komme framtidige studentar til gode.

Tiltaka er basert på erfaringar og data frå tidlegare kull, inkludert eksamensresultat, studentrapportar og innspel frå faglærar og studentrepresentantar. Dei er inndelt i tre hovudkategoriar: 1) Dispensasjon frå krav til skulepoeng, 2) Kompensierende tiltak for dispensasjon frå karakterkrav i norsk, og 3) Dispensasjon frå karakterkrav i matematikk.

Høgskulen har gjennomført ei analyse av tal frå studentar med og utan karakterkrav, som starta hausten 2024. Det er enkelte skilnader mellom kulla GLU 1-7 og GLU 5-10 og mellom dei som fekk opptak med og utan dispensasjon. Prosentvis fleire studentar med dispensasjon har ikkje møtt til ein eller begge eksamenane samanlikna med dei som fekk opptak med karakterkrav. Blant studentane med dispensasjon er det også færre som oppnår dei høgste karakterane (A og B) og fleire som får dei lågaste (D og E) enn i dei to andre gruppene.

Denne forskjellen er meir markant i GLU 1-7 enn i GLU 5-10. For begge gruppene i 2024 er strykprosenten lågare enn for kull 2023. Kva implikasjonar dispensasjon frå karakterkrava vil ha å sei på sikt er for tidleg å sei, men vi følgjer utviklinga vidare.

Kap 275 post 21 – Evaluering av dispensasjon frå nivåkrav for lærarutdanningane – kr 500 000

Høgskulen fekk i 2024 tildelt 500 000 kr til evaluering av dispensasjon frå nivåkrav for lærarutdanningane og dei forsterka tiltaka knytt til dette. Evalueringa skal gi informasjon om opning for dispensasjon frå nivåkrava har bidrege til å rekruttere lærarstudentar som elles ikkje ville tatt lærarutdanning, og eventuelt kunnskap om gjennomføring og fråfall.

Rapportar på møtt-tal viser at det var omlag 750 fleire grunnskulelærarstudentar som møtte til studiestart med dispensasjon frå eitt eller fleire av særkrava til lærarutdanningane. Forskargruppa knytt til det nasjonale rekrutteringsprosjektet undersøker studentane sine resultat og motivasjon over tid ved hjelp av registerdata og spørjeskjema. I studien vil dei sjå studentane som har fått opptak på dispensasjon frå nivåkrav i samanheng med studentane som fekk opptak vurdert ut frå særkrava.



Figur 4: Illustrasjon for arbeidet til Nasjonalt prosjekt for lærerrekruttering

Kap 231 post 21 – Styrking av barnehagelærarutdanninga – kr 6 200 000

Dei tildelte ekstramidlane på 6,2 mill. er brukt til å styrke utdanninga slik at den har høg kvalitet, er godt forankra i forskning og nært knytt til praksisfeltet. Mesteparten av styrkingsmidlane er fordelt til institutta som er involvert i utdanninga, til kvalitetsutvikling innanfor kunnskapsområda i utdanninga.

Delar av midlane er nytta til andre kvalitetstiltak som:

- Analyse av bacheloroppgåver, med formål om kvalitetsutvikling og gjennomstrøyming.
- Analyse av heilheit og samanheng mellom emneplanar og forskningstematikkar tilsette forskar på.
- Internasjonalisering og mobilitet for tilsette og studentar i utdanninga.
- Bruk av studentassistentar for å støtte opp under faglege og sosiale behov hos studentane.
- Vidare utvikling av tilbodet «Barnehagenorsk» særleg retta mot minoritetsspråklege for auka gjennomstrøyming i utdanninga.
- Vidareført samarbeidet med UiB om tverrinstitusjonell praksis for BLU-studentar.
- Arbeid med heilskap og samanheng mellom kunnskapsområda gjennom møtepunkt for tilsette på tvers av institutt og kunnskapsområde.

Kap 231 post 21 – Arbeidsplassert barnehagelærarutdanning (ABLU) – kr 4 000 000

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) er ei deltidsutdanning som er spesielt tilrettelagt for dei som ønsker å ta utdanninga samtidig som dei arbeider i ein barnehage. Denne utdanninga har ei praksisnær tilnærming og følgjer same studie- og emneplan som den ordinære heiltidsutdanninga.

ABLU er ein del av fakultetet si satsing på å utdanne kvalifiserte barnehagelærarar som kan møte dei komplekse og varierte krava i dagens barnehagesektor. Programmet har gjennomgått fleire revisjonar for å tilpasse seg endra nasjonale utdanningskrav og forventningar frå barnehagesektoren.

Ei kort spørjeundersøking blant eigarane av private og offentlege barnehagar i Vestland fylke viste at behovet for utdanninga var desidert størst i Bergensområdet. Her var og eigarane svært interessert i å få tilbodet på plass. Når studieplassane blei opna for søking var likevel responsen laber. Studiet fekk få søkarar og oppstart blei utsett til mars i studieåret 2024-25. På den måten får kommunane moglegheit til å mobilisere fleire søkarar og eventuelt kople på vikar/finansieringsordning for barnehagane sine.

Fakultetet registrerer at det å starte på eit studium er ei stor avgjerd med betydelege økonomiske konsekvensar for den enkelte søkar i denne gruppa.

Å vere assistent i barnehage må allereie bli betrakta som eit låglønssyrke og ein ytterlegare reduksjon i stillingsprosent kan ha stor innverknad på ein familieøkonomi. Dette kan vere medverkande årsak til at fleire vegrar seg for å starte opp eit fireårig studieløp.

Kap 671 post 72 – Kvalifiseringsordningar for tolkar – kr 4 480 000

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har løyvd 4,48 millionar kroner til Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennom kapittel 671, post 72, som handlar om busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar. Midlane er øyremerkt to formål innan Statsautorisasjonsordninga for tolkar: opplæring i tolking i offentleg sektor og fjerntolking retta mot kvalifiserte tolkar. Målet er å styrkje kompetansen til tolkane innan tolking og fjerntolking og vidareutvikle eit sterkt og profesjonelt tolkefagleg miljø på Vestlandet.

Tolking i offentleg sektor (2024/2025)

Interessa for tolkeutdanning i offentleg sektor har eksplodert. Til studieåret 2024/2025 søkte heile 142 personar, nesten dobbelt så mange som året før. Dette er eit tydeleg signal om at utdanningstilbodet er populært og har fått eit solid renommé. Av søkjarane fekk 39 tilbod om studieplass, og kullet starta med 36 studentar, der 33 er aktive.

I år tilbyr HVL undervisning på tre språk: arabisk, russisk og ukrainsk. Etterspørselen etter russisk er særleg høg, med mange kvalifiserte søkjarar på venteliste. Nye opptak til russisk er alt planlagt for studieåret 2025/2026. Totalt er det utlyst sju språk i programmet i studieåret 2025/26: arabisk, dari, polsk, russisk, tamil, tigrinja og tyrkisk. Det er over 100 søkarar på studieprogrammet. Dette gjer tolkeprogrammet til det mest mangfaldige og kulturelt varierte studieprogrammet ved HVL.

Fjerntolking (hausten 2024)

Hhausten 2024 markerte starten på det nye emnet fjerntolking, tidlegare kjend som skjermtolking. Studiet fekk totalt 89 søkjarar frå heile landet, der 46 var kvalifiserte og 32 takka ja til tilbodet. Gjennom semesteret fullførte 30 studentar eksamen i arabisk, persisk, ukrainsk, bulgarsk og teiknspråk – eit sterkt bidrag til å dekke det aukande behovet for tolkar i digitale settingar.

Hhausten 2025 vil det bli prioritert opptak i følgjande språk: arabisk, sorani, mandarin, norsk teiknspråk, polsk, russisk, somali og ukrainsk.

Kvifor er desse utdanningane viktige?

Med ein stadig aukande etterspørsel etter kvalifiserte tolkar innan offentleg sektor og andre bransjar, spelar desse utdanningane ei avgjerande rolle. Dei bidreg ikkje berre til å sikre høg kvalitet på tolkingstenestene, men òg til å bygge eit profesjonelt og robust tolkefagleg miljø i Noreg. Gjennom satsing på mangfald og tilrettelegging for fjerntolking møter HVL både dagens og framtidens behov.



Kapittel IV

Styring og kontroll i verksemda

Rapportering om styring og kontroll Systematisk verksemdstyring

Høgskulestyret har vedteke eit rammeverk for styring og kontroll gjennom retningslinjene for verksemdstyring. Retningslinjene skal, saman med andre styringssystem, sikre at HVL arbeider systematisk for å sikre at høgskulen etterlever krav til mål- og resultatstyring, at fastsette mål og krav blir nådd, at mål og forventningar i tildelingsbrevet frå KD og måla i verksemdsstrategien 2023-2030 blir realisert, og at styringa er effektiv og føreseieleg.


Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksemdstyring er skildra i figuren på neste side.

Dialog står sentralt i styringa på HVL, både i utarbeidinga av styringssignal og prioriteringar frå rektor til linjene (oppdragsbrev) og tilsvarande i oppfølginga (både eigne dialogmøte og i samband med oppsummeringar, evalueringar og rapportering).

Systemet for risikovurdering og vurdering av dei største risikoområda

Høgskulen er oppteken av at risikostyringa skal vere integrert i styringa og handtert i linjene. HVL har ikkje eit eige system for risikovurderingar. Det stillast krav til at risikovurderingar skal vere ein del av utarbeidinga og revisjonar av planar, det er tema i den systematiske oppfølginga i rapportar og dialogmøte, og i arbeidet med saker til rektor og høgskulestyret. Det at risiko er eit integrert tema i mykje av den systematiske styringa gir rektor ei oversikt over risiko, avvik og oppfølgingspunkt knytt til mål, på tvers av linjene.

Mot slutten av 2024 gjennomførte leiinga på høgskulen ein systematisk risikoverkstad for å avdekkje dei overordna risikoområda for høgskulen for 2025 og vidare. Verkstaden var eit samarbeid mellom internrevisjonen og rektor.



Figur 5: Samanhengane mellom etatsstyringa, strategi og verksamhetsstyring.

Overordna strategisk risiko

I 2024 har det vore stor merksemd på omstilling og tiltak for å ta ned den overordna, strategiske risikoen knytt til manglande samsvar mellom økonomiske rammer og framtidige kostnader og at organisering av oppgåveløysing og dimensjonering av personalressursar ikkje var optimal.

Risiko knytt til økonomisk berekraft er framleis vurdert som den største, overordna risikoen ved HVL. Eit risiko-område som har fått aukande merksemd i 2024 er risiko knytt til digitalisering og KI. Det er risiko for å ikkje ha nok merksemd på utviklinga av digitalisering og KI, og for å ikkje klare å nyttiggjere oss moglegheitene godt nok. Risiko knytt til KI handlar særleg om vurderings-former og truverd.

Ei overordna vurdering av dei største risiko-områda for å ikkje nå mål

Det å bli Universitetet på Vestlandet står sentralt i verksamhetsstrategien 2023-2030 saman med tre strategiske ambisjonar; 1) utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet, 2) ei sterk innovasjonskraft og 3) ein ambisiøs samfunnsaktør. Ambisjonane blir konkretisert i til saman seks strategiske mål, der tre av dei også utgjer utviklingsavtala med KD.

Det er avdekket flest risikoområde under ambisjon 1); utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet:

- Risiko for sviktande studentrekruttering. Sjølv med ei positiv endring i 2024 er risikoen særleg knytt til dei største profesjonsstudia og dei minste campusane. For låg studenttilfredsheit over tid kan forsterke risikoen.

- Risiko knytt til å bli akkreditert som universitet, med særleg merksemd knytt til utdanningspyramiden.
- Risiko for at gjennomstrøyminga på studiar blir for låg. Dette er ein risiko som også påverkar risikoen for manglande økonomiske berekraft.
- Risiko for låg ekstern inntening i både forskning og utdanning. Manglande gjennomslag i søknadar om nasjonale og internasjonale forskingsmidlar er ein del av denne risikoen.

For dei to andre strategiområda er det færre, større risikoar, men risiko knytt til informasjonstryggleik peikar seg ut som høg.

Risiko blir adressert, konkretisert og følgt opp i den systematiske verksemdstyringa.

Opplegget for styring og kontroll

Internkontroll

Internkontroll er eit linjeansvar og høgskulen er underlagt krav om internkontroll på ulike område. Internkontrollen er dokumentert i handbøker (til dømes HMS-, leiar- og personalhandbok) som er digitalt tilgjengelege for tilsette. Ein stor del av internkontrollen er knytt til faglege kvalitetssystem. I 2025 startar NOKUT opp ei periodisk oppfølging av det systematiske kvalitetsarbeidet på HVL. Dette arbeidet vil gi høgskulen viktig kunnskap og innsikt i om kvalitetssystema til HVL er gode nok.

Det er eigne styringsprossar som følgjer opp dei ulike delane av internkontrollen, og det er ingen indikasjonar på at dette ikkje fungerer som planlagt. Samtidig ser høgskulen det som føremålstenleg å arbeide vidare med å lage ei felles overbygning for dei ulike delane av kontrollen, og utvikle ein større heilskap med eit overordna rammeverk.

Internrevisjon

Høgskulen har sidan 2012 hatt eit internrevisjons-samarbeid med Universitetet i Agder (UiA), Universitetet i Stavanger (UiS) og Nord universitet (Nord). Det blir samarbeidd om to årlege, felles revisjonar. Desse bidreg til det kontinuerlege forbettingsarbeidet og til å nå fastsette mål. I 2024 gjennomførte den samarbeidande internrevisjonen to revisjonar på område innan HR og EVU-aktivitetar. Det blei gitt fleire anbefalingar som no blir følgt opp.

I 2024 tilsette høgskulen ein internrevisor i 100 % fast stilling. Ein ønsker med dette å auke internrevisjonsaktiviteten og styrke oppfølginga etter revisjonane. Styrking av høgskulen sitt arbeid med overordna risiko-styring er også ein av målsetjingane med tilsettinga.

Samla vurdering

Ut frå rapportar frå internkontrollverksemda, internrevisjon, eksterne tilsyn og evalueringar er den overordna vurderinga at høgskulen har god styring og kontroll kring det at fastsette mål og resultatkrav blir nådd og at lovar og reglar blir overhaldne. Høgskulen har integrert risikostyringa i styringssystema og -dialogen, og tilsett ein eigen internrevisor.

Omtale vesentlege forhold inkludert merknadar/ikkje merknadar frå Riksrevisjonen

Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som låg, kvaliteten på rapporteringa som god og risikoen for vesentlege feil som låg. Drifta er effektiv og målretta. Det er ikkje avdekkja økonomisk mishald i 2024. HVL fekk etter 2023-revisjonen ein revisjonsberetning utan merknadar frå Riksrevisjonen, men høgskulen fekk eit revisjonsbrev knytt til internkontrollen ved bidrag- og oppdragsverksemda (BOA). Riksrevisjonen fant mangelfull dokumentasjon på utført internkontroll ved enkelte område. Sjølv om det blei gjennomført ulike type kontrollar, så var dei ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Riksrevisjonen presiserer i brevet at dei er kjent med at HVL jobbar med forbetring av internkontroll på BOA-verksemda.

Rapportering på andre føresetnader og krav

Større byggeprosjekt under utvikling

I 2024 signerte høgskulen husleigeavtale for nybygg og ombygging av eksisterande bygg i Haugesund. Statsbygg har inngått kontrakt med Backe Rogaland AS som totalentreprenør for prosjektet. Som i alle større byggeprosjekt i regi av Statsbygg følgjer høgskulen utgreiingsinstruksen, bygge- og leigesaksinstruksen og retningslinjene for behandling av brukarfinansierte byggeprosjekt.

I forprosjektet som er gjennomført er det gjort vurderingar knytt til om det er mogleg å dekke behova innanfor eksisterande bygningsmasse. Konklusjonen er at det ikkje er mogleg. Prosjektet har nå gjennomført opti-

maliseringsfasen og forventet byggestart på tomten er i februar 2025. Hovedformålet med prosjektet er å samle all aktivitet i Haugesund på campus for å gi bedre studie- og arbeidsforhold for studentar og tilsette. Nybygget vil samlokalisere SIM-arena og simulatorsenter for nautikk. I tillegg vil bygget innehalde læringsareal og areal til 43 arbeidsplassar. I eksisterande lokale blir noverande SIM-arena bygt om til lokale for studentorganisasjonane og sosial studentaktivitet. Byggeprosjektet i Haugesund er eit prosjekt som er forutsett dekkja innanfor noverande beviljing.

Oppfølging av strategi for digital omstilling

Nasjonal strategi for digital omstilling sine seks strategiske innsatsområde, fem visjonar for framtida og fire føresetnader for arbeidet med digital omstilling ligg til grunn for planlegging og gjennomføring av interne digitaliserings tiltak. Dette er nedfelt i eit eige policydokument knytt til digitaliseringsområdet «Digital ambisjon – Klok digitalisering», vedteke av rektor.

Høgskulen ser strategien i samanheng med *Nasjonal strategi for kunstig intelligens*, *Nasjonal strategi for digital sikkerheit*, *Nasjonal strategi for tilgjengeligjering og deling av forskningsdata* og *Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter*.

HVL er ein middels stor utdannings- og forskingsinstitusjon med geografisk spreidde campus, relativt liten administrasjon og mindre beviljingar enn våre største samarbeidspartnarar i sektoren. Sett ut frå vår storleik og ressursituasjon er det både ein naudsynt og medvitne strategi å delta i og bruke sektoren sine fellestiltak og samarbeidsorgan i stor grad. Det er i HVL si interesse at samstyringa i sektoren fungerer, og vi har som mål å bidra aktivt og konstruktivt.

HVL ser liten grunn til at kvar enkelt institusjon i sektoren gjennomfører ressurskrevjande tiltak og anskaffingar på eiga hand, og har som mål å stegvis samordne systemportefølje og styrande policyar med resten av sektoren. Det følger vi opp blant anna ved å delta i fellestiltak, felles anskaffingar og samarbeid i regi av HK-dir, Sikt og andre offisielle og uoffisielle fora.

I tråd med dette nyttar HVL seg av så godt som samtlige av rammeavtalane som Sikt har etablert for kunnskapssektoren, og brukar i dag fellessystem innanfor studieadministrasjon, data- og infrastruktur, informa-

sjonssikkerheit, digitalt læringsmiljø og generell administrasjon og leiging. I løpet av 2025 vil det bli avgjort om HVL går inn på Analyseplattformen. HVL ser positivt på HK-dir og Sikt sine rollar som katalysatorar for og ein arena for brukarmedverknad, samarbeid, strategiske vurderingar og samstyring, og ser fram til den kommande gjennomgangen av samstyringsmodellen og råder til ein sterkare standardisering heller enn ei svekka samstyring. Det er viktig for oss at nasjonale styringsgrep ikkje påfører oss administrativt meirarbeid, men bidreg til heilskaplege digitaliseringsløyser i sektoren.

I 2024 (og 2023) blei etter måten store interne ressursar sett av til å førebu mottak av UH SAK. Dette var sett på som rammeverk, ikkje berre for sak- og arkivtenesta, men for grunnleggande administrativ utvikling. Dette prosjektet er avslutta nasjonalt utan fullføring, medan internt forbetringsarbeid held fram, delvis i samarbeid med SIKT (td. IAM, IntARK,), med HK-dir (td. KUDAF/ Fagråd for referansearkitektur), men også med direkte samarbeid med andre institusjonar i sektoren (td. OR-GREG) og “Meir for mindre”, eit initiativ etter UH SAK. HVL er representert i ulike organ i samstyringsmodellen på porteføljestyrenivå og i produktråd. Vi deltek i tillegg i Toppadminforum for Canvas og for Panopto med SIKT, og i Universellforum med SIKT og HK-dir, samt i nasjonale nettverk knytt til VR-simulering. IT-leiar tek del i samarbeidet i UHR IT.

Gjennom året har vi prioritert vesentlege digitaliseringsmidlar til å heve KI-kompetansen hos våre undervisarar. Vi er medlemmar i nora.ai. Med omsyn til tenesteutvikling har vi vidareutvikla ein KI-basert virtuell assistent (Mime), etablert eit system for kompetansestyring for tilsette (KOMPIS), samt ulike mindre system knytt til utdanning og samhandling med praksisfeltet. Det er investert i grunnleggande infrastruktur for å trygge teknisk informasjonstryggleik. Digitaliseringsarbeidet blir utført innanfor svært knappe interne ressursar og med avgrensa eksternt tenestekjøp utover SIKT.

Rapportering på fellesføringer

Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Høgskulen har ein eigen Handlingsplan for berekraftig utvikling ved Høgskulen på Vestlandet 2023-2026 som sikrar ein systematisk og heilskapleg innsats knytt til berekraft.

HVL har mål om å redusere klimagassutsleppa med 40 % frå 2019 til 2027. I følge klimarekneskapa har vi ikkje lukkast å redusere utsleppa frå 2019 til 2023. Klimarekneskapa for 2024 er ikkje klar endå, men fram til no har reiser og transport (største enkeltbidrag) i tillegg til innkjøp av varer og tenester, vore dei største bidraga til utslepp frå HVL si side. I førebelse tal for 2024 kan det sjå ut til at reiseaktiviteten til tilsette blei redusert noko samanlikna med åra før, og at HVL har redusert utsleppa sine frå 2019 til 2024. Det blei og i slutten av 2024 sendt ut ei reisevaneundersøking til tilsette for å kartlegge korleis tilsette reiser. Dette er eitt ledd i prosessen med å utarbeide ein meir klimaambisiøs reisepolitikk.

HVL har ikkje utarbeidd ein eigen strategi for å redusere naturfotavtrykket vårt. HVL leiger det meste av lokala frå Statsbygg, og dei gjennomførte ei kartlegging av naturen på HVL sine campus i 2019. I kartlegginga er det mellom anna registrert viktige naturtypar for biomangfald, samt raudlistearter og framande arter, og planar for skjøtsel (jerning, for framande arter sin del) av dei framover.

I juni 2024 blei campus Stord og Haugesund resertifisert som Miljøfyrtårn, medan campus Bergen først ikkje blei godkjent. Det som mangla for å bli resertifisert var ”En skriftlig veiledning for samtlige risikofylte arbeidsoppgaver samt en beskrivelse av hvordan de ansatte, montører, reparatører og andre som utfører arbeid i laboratoriet blir orientert om bruk av disse.” Dette kom på plass i løpet av hausten 2024 og campus Bergen blei resertifisert i januar 2025.

Høgskulen har ikkje gjennomført konkrete undersøkingar for korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Aktuelle område å sjå på er korleis fysisk klimarisiko (risiko knytt til klimaendringar lokalt) påverkar dei ulike campusane:

- Vurdere påverknad av bygningane vi leiger med tanke på alder og vedlikehald, då særleg knytt til utfordringar på grunn av økt nedbør.
- Sjå på kor bygningane er lokalisert, til dømes med tanke på flaum. Campus Sogndal kan til dømes vere utsett med tanke på at campusen ligg rett ved elva.
- Når det gjeld tilsette og studentar kan klimaendringar påverke transport til og frå arbeidsplassar/undervisningslokale med tanke på auka risiko for skred-, flaum-, tine- og fryseutsette transportstrekningar.

I tillegg har vi grenseoverskridande klimarisiko (risiko knytt til klimaendringar i andre land, som indirekte rammar samfunnet i Norge) som kan påverke oss for eksempel ved auka straumprisar knytt til samanfall av lite nedbør i Norge og lite vind i Europa. Det kan også påverke import av utstyr og kjemikaliar til laboratoria og SimArena, eller anna særleg klimasensitive innsatsfaktorar. Ein annan faktor som kan påverke HVL som ein konsekvens av klimaendringar er dramatisk auke i flyprisar.

HVL har i ei årrekke arbeidd med energiøkonomiserande tiltak, og vil i løpet av 2025 etablere Energiledelse (EnMS) som eige, strategisk styringssystem – for lettare å finne frem til dei mest lønsame energiformene, for ytterlegare å redusere energibruken. HVL/Statsbygg vil i 2025 fortsette den tekniske oppgraderinga av bygga i form av skifte av vindauger, meir effektive lyskjelder, endra rutinar for å redusere varmetap, boring av energibrønner, utskifting av ventilasjonsanlegg og oppgraderingar i samband med byggeprosjektet i Haugesund. I tillegg har HVL innført ei tydeleg ansvars plassering og forventning til energileiing i organisasjonen, noko ein forventar å sjå gevinstar av i 2025.

Tilsetting av personar med funksjonsnedsetting

Rapport frå rekrutteringssystemet jobbnorge.no viser at det i 2024 var 2606 søkjarar på kunngjorde stillingar, mot 4 515 i 2023. Reduksjonen i talet på søkjarar er ein konsekvens av at HVL har lyst ut færre stillingar i 2024 samanlikna med 2023 (226 stillingar i 2024 mot 405 stillingar i 2023).

I 2024 var det 42 søkjarar som ved søknad på stilling opplyste å ha nedsett funksjonsevne, mot 81 i 2023. Det utgjorde 1,6% av alle søkjarane i 2024, mot 1,8% i 2023. Ingen av desse blei tilsett i 2024, mot tre i 2023. 65 søkjarar opplyste i 2024 å ha hol i CV-en, mot 117 i 2023. Det utgjorde 2,5% av søkjarane i 2024, mot 2,6% i 2023. Ein person av desse blei tilsett i 2024, mot 5 i 2023.

Høgskulen har erfaring med at tala ikkje gir det heile biletet når det gjeld søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Ein del søkjarar ønsker ikkje å opplyse om dette i samband med søknadsprosessen og ein del søkjarar kryssar av vilkårleg utan å ha kjennskap til kva svaralternativa inneber. I 2024 har høgskulen hatt fokus på mangfald og inkludering. Det er mellom anna utarbeidd ei ekstern nettside om søknadsprosessen ved HVL, der mangfald og inkludering er eit av temaa. Vi arbeider også med å tydeleggjere tekst om mangfald og inkludering i våre kunngjeringsstekstar.

Høgskulen har fokus på å overhalde intervjuplikta ovanfor desse gruppene og ser til at minst ein person frå kvar av gruppene blir kalla inn til intervju dersom dei oppfyller kvalifikasjonskrava.

Når det gjeld oversikt over tilsette som opplyser å ha funksjonsnedsetting eller hol i CV-en på annan måte før oppstart eller ved oppstart, blir ikkje dette registrert. Behov for tilrettelegging blir gjennomført i samsvar med Arbeidsmiljølova.

Høgskulen kan ikkje beskrive utviklinga sett opp mot gjennomsnittet i 2020 og 2021 (jf. inkluderingsdugnaden) då vi ikkje har talmateriale for dette.

Konsulentbruk

Høgskulen hadde i 2024 konsulentkostnader på 16,8 millionar kroner, ein liten vekst frå 2023. Dei kjøpte konsulenttenestene er knytt til utvikling av programvare og IKT-løysingar (7,6 mill. kr), design, språkvask mv. (2,5 mill. kr), andre konsulenttenester (2,4 mill. kr), organisasjonsutvikling mv. (2,3 mill. kr), juridisk bistand (1,1 mill. kr), rekruttering (0,2 mill. kr), økonomi og rekneskap (0,1 mill. kr) og kommunikasjonsrådgjeving (0,03 mill. kr).

Det er reduksjon på alle kjøp av konsulenttenester med unntak av utvikling av programvare og IKT-løysingar og organisasjonsutvikling. Med omsyn til utgifter til utvikling av programvare og IKT-løysingar står UH-sak for om lag halvparten av utgiftene. Elles er størstedelen av utgiftene knytt til utvikling av webløysing, utforming av rekrutteringskampanjar og tenester knytt til applikasjonar utvikla dei siste fire-fem åra. Med omsyn til utgifter til organisasjonsutvikling er desse mellom anna knytt til leiarutvikling, og då særleg forskingsleiing. Det er ulike årsaker til at høgskulen har kjøpt konsulenttenester, men ein av årsakene er manglande intern kapasitet.

Rapportering på andre krav

Dimensjonering og status sjukepleie

Høgskulen på Vestlandet (HVL) arbeider kontinuerleg med å auke rekrutteringa og gjennomføringa på bachelor i sjukepleie for å sikre samfunnskritiske oppgåver nasjonalt, regionalt og lokalt.

Rekruttering sjukepleie

På bakgrunn av nedgang i søkjartal både på HVL og på landsbasis, har HVL initiert fleire tiltak. I 2022 og 2023 søkte HVL om dispensasjon frå karakterkravet. Endring

av opptakskrava som blei innført 6. mai 2024 førte til at HVL lyste ut ledige studieplassar på bachelor i sjukepleie ved campus Førde (heiltid og deltid), Stord (heiltid og deltid) og Haugesund (heiltid) i lokalt opptak. HVL fylte dermed studieplassane ved alle campusane for studieåret 2024-2025. Det er etablert eit eige forskingsprosjekt for å sjå på samanhengen mellom karakterar frå vidaregåande og prestasjonar i bachelorutdanninga.

For 2023 var det veldig god innsøking til bachelor i sjukepleie ved campus Bergen, men lågare ved campus Stord, Førde og Haugesund. Dette resulterte i nullopptak på bachelor deltid i Haugesund og Førde. Bachelor i sjukepleie rekrutterer hovudsakeleg frå Vestlandet og arbeidskrafta blir i stor grad verande i våre regionar. For å nå ein breiare søkjarmasse tilbyr vi både heiltids- og deltidsløp på fire campus. Fleksibilitet mellom campusane våre tilseier at vi til en viss grad kan omdisponere studieplassar og praksisplassar internt for å sikre ei tilfredsstillande rekruttering og gjennomstrøyming samla sett.

Gjennomføring sjukepleie

HVL har stor merksemd på å utvikle gode læringsmiljø for studentane som har starta på bachelor i sjukepleie. Vi har eigne prosjekt for oppfølging av fleispråklege studentar, kjønnsdiversitet og på førsteårsstudenten. HVL har eit godt og nært samarbeid med kommune- og spesialisthelsetenesta i alle våre regionar, som tilbyr praksisplassar med god kvalitet. Det er også etablert eit tverrsektorielt samarbeidsprosjekt med merksemd på arbeidslivsrelevans, pasientforløp og nyskapande læringsaktivitetar i praksisstudie i sjukepleiarutdanninga.

Sikkerheit og beredskap

1. Korleis kartlegg verksemda eigne verdiar og avhengigheiter med omsyn til nasjonal tryggleik? Om kartlegging og vurdering av verdiar og avhengigheiter ikkje er gjennomført, kva planar har Høgskulen på Vestlandet for dette arbeidet?

HVL held seg orientert om nasjonal tryggleik gjennom nasjonale trusselvurderingar og dialog og informasjon med tryggleiksstyresmaktene. Dette gir oss ei overordna oversikt over kva fagfelt som er mest sensitive for etterretning og nasjonale tryggleiksinteresser. I 2024 starta HVL ei kartlegging av verdiar og avhengigheiter som kan vere underlagt eksportkontroll og sanksjonar og har betre oversikt over dette enn tidlegare. Arbeidet med verddivurdering innan eksportkontroll held fram i 2025. Det er framleis eit behov for systematisk gjennomgang

av eksportkontrollforskrifta sine varelistar i fakulteta og kartlegging av kva vi har av verdiar, for å oppnå tilstrekkeleg oversikt.

2. Når reviderte Høgskulen på Vestlandet sist sin ROS-analyse? Kva område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?

HVL gjennomførte ein overordna ROS-analyse i 2024. ROS-analysen omfattar også informasjonssikkerheit, personvern og nasjonal tryggleik. Rapporten peikar på 24 moglege alvorlege hendingar som kan inntreffe. Hendingar som har særleg høg risiko omfattar alvorlege ulykker ved reiser innanlands eller utanlands, trusselsituasjonar med vald, utslepp eller eksponering av farleg stoff, samt hendingar innan informasjonssikkerheit og personvern.

3. Beskriv dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingar som er gjennomførte i 2024.

HVL deltok på ei større beredskapsøving i 2024 (Øvelse Dyrtd 2024), der beredskapsleiing, aktuelle støttesursar og IT-avdelinga øvde. Øvingsscenarioet omfatta tema som cyberangrep, desinformasjon og problem med å gjennomføre eksamen. Øvinga var nyttig for HVL, og i det heile var hendinga handtert godt. Læringspunkta er skildra i eigen evalueringsrapport. Øvinga viser viktigheita av å styrkje IKT-tryggleik og beredskap ved HVL generelt. Dei viktigaste konkrete læringspunkta var:

- Behov for styrking av rutinar og beredskapsplanverket.
- Kommunikasjon under beredskapshendingar er ei utfordring, og både rutinar og kommunikasjonskanalar bør vidareutviklast.
- Den faglege kompetansen hos IT var avgjerande for at den tekniske delen av hendinga gjekk bra. Det er derfor viktig å bevare denne fagkompetansen og styrkje den der det er mogleg. I dag er det ein utfordrande personellsituasjon på IT og vi er sårbare for fråvær av enkeltpersonar.

4. Gjer greie for arbeidet med å utarbeide eit styringssystem for tryggleik, inkludert korleis dette samordnast med styringssystem for informasjonssikkerheit og verksemdstyringa elles (jf. styringsdokumentets kap. 7).

HVL har eit styringssystem for organiseringa av nasjonal tryggleik etter sikkerheitslova. Systemet skildrar organiseringa av det førebyggjande tryggingsarbeidet,

roller, ansvar og rutinar. Styringssystemet refererer til HVL sitt *Ledelsessystem for informasjonssikkerheit og personvern* (versjon 2.1), slik at dei heng saman.

Eit viktig tiltak i 2024 var å etablere eit nettverk av faste kontaktar for personvern og informasjonssikkerheit ved alle fakultet og i sentrale einingar i administrasjonen. Gjennom desse vil ein fremje det viktige innhaldet i dei nemnde dokumenta. Samstundes vil nettverket kunna gi gode råd når dei nemnde dokumenta skal moderniserast i året som kjem. I større grad må då mekanismar for å oppfylle slike krav byggjast inn i system og arbeidsprosessar. Kontaktane har ikkje vore operative i 2024, grunna manglande kapasitet. Det er eit mål om at dei skal vere operative i løpet av 2025 slik at dei i større grad kan handtere saker om personvern og informasjonstryggleik i eiga eining.

I året som gjekk måtte HVL melde fire saker om brot på personvernretningsliner til Datatilsynet (DT). I den mest alvorlege saka var årsaka ein feil hjå leverandør av autentiseringstenesta Feide (Sikt) som gjorde at Feide delte ut fødselsnummer til tenester som ikkje hadde bruk for dette. Alle sakene blei avslutta av DT utan særskilde pålegg til HVL. Det har også vore fleire mindre interne avvik, særleg i studentprosjekt. Manglande ressursar og oppfølging er truleg orsak til at desse avvika ikkje har blitt identifisert tidlegare. Ein må også rekne med at det er ei underrapportering av avvik for 2024, slik som tidlegare år. Det er satt i gang eit arbeid med internkontroll for å redusere slike avvik i 2025.

Vidare handterte IT-hjelp eit stort tal saker relatert til informasjonssikkerheit av mindre alvorleg karakter. Dei fleste gjeld forsøk på svindel eller innbrot gjennom falsk e-post eller andre meldingar. Ved tre høve er det og påvist innbrot, men utan større skade enn at det berre gjekk ut over den enkelte brukaren sine data. Dette er tre innbrot for mykje og kvart av dei medfører risiko for både tap og ukontrollert spreiding av data.

Som oppfølging etter Riksrevisjonen (RR) sin rapport om *Informasjonssikkerhet i forskning innenfor kunnskapssektoren* frå januar 2024, valde HVL å leige eit eksternt firma til å gjennomføre ei uavhengig sikkerheitsvurdering med penetrasjonstest av HVL-tenesta Sikker lagring av Forskningsdata (SILAF). SILAF kom godt ut av testen, men det blei gjort funn som tyder på at tryggleiken ikkje er like god i heile HVL sin IT-infrastruktur. Det må følgjast opp i året som kjem.

Tilgang på IT-personell, i sær ved HVL sitt største campus, har vore utfordrande òg i 2024. HKdir si kartlegging av arbeid med personvern og informasjonstryggleik har gitt anbefalingar, som HVL i stor grad ikkje har klart å prioritere grunna få ressursar. Det har heller ikkje vore mogleg å følge opp utviklingsarbeid grunna ressursituasjonen.

Informasjonssikkerheit og personvern

Sjå omtale over for informasjonssikkerheit og personvern.

Avsetningar

Avsetningar til andre føremål inneheld øyremerka løyvingar frå KD på 28 mill. kr. I tillegg er det avsett midlar til strategiske innsatsområde, som i hovudsak er planlagt brukt til digitalisering, stipendiatar, midlar til universitetssatsinga og midlar for å auke studiekvaliteten.

Høgskulen har motteke øyremerka midlar til utvikling og drift av partnarskap i lærarutdanninga.

Denne løyvinga er frå 2024 ein del av rammetildelinga frå KD, og er framleis tenkt brukt til dette føremålet. Avsetningar til investeringar skal nyttast til investeringar spesifisert i investeringsplanen for HVL, som blei vedtatt av styret 05.03.2025. Sjå omtala under Investeringsplan.

HVL hadde negativt resultat både i 2022 og i 2023, og avsetningane blei vesentleg redusert. Sidan prognosane viser at vi får ein reduksjon i løyvinga framover og auka faste driftskostnader, blei det sett i gang tiltak for å gjennomføre innsparingar og omstilling i 2024. Dette, saman med store innsparingar på energikostnader, har gitt eit positivt resultat i 2024, og eit auka avsetningsnivå. Denne auken har truleg ikkje påverka måloppnåinga.

	31.12.2024	Avsetning i % av KD-løyving	31.12.2023	Avsetning i % av KD-løyving
Avsetningar til andre føremål	118 962	4,8 %	98 823	4,2 %
Avsetningar til investeringar	197 114	8,0 %	126 071	5,3 %
Sum avsetningar	316 076	12,8 %	224 894	9,5 %

Tabell 16: Avsetningar av løyving frå Kunnskapsdepartementet

Investeringsplan

Styret handsama ny investeringsplan for perioden 2025-2029 i styremøte 05.03.2025. HVL sine avsetningar er i hovudsak samla på FLKI og felles-nivået, og investeringsplanen reflekterer dette. FLKI har investeringar for 76 mill. kr, medan felles-nivået sine investeringar utgjør resten av planen. Ein stor del av investeringane gjeld nybygget i Haugesund. Nytt bygg krev store investeringar i utstyr og infrastruktur, og dette er det gjort rom for i investeringsplanen.

I tillegg til investeringar knytt til nytt bygg i Haugesund, har HVL behov for å gjere større og mindre oppgraderingar på alle campusane dei komande åra. Dette har fått stor plass i vedlagte investeringsplan, og utgjør 87 mill. kr.

Sjølv om tiltak har fått plass i investeringsplanen er det likevel ikkje sikkert dei blir gjennomført. Det kan bli gjort nye prioriteringar og dukke opp nye behov som gjer det nødvendig å revidere investeringsplanen.

Investering	2025	2026	2027	2028	2029	Sum
Oppgraderingsprosjekt bygg og campus	20 450 000	28 451 000	17 900 000	10 050 000	10 130 000	86 981 000
Utstyr nytt bygg Haugesund	-	42 000 000	-	-	-	42 000 000
FLKI	19 000 000	24 000 000	33 000 000	-	-	76 000 000
IT-utstyr	6 000 000	5 000 000	-	-	-	11 000 000
FTMS	1 157 000	-	-	-	-	1 157 000
Medielab	1 726 000	-	-	-	-	1 726 000
Avdeling for studieadministrasjon	400 000	-	-	-	-	400 000
Sum	48 733 000	99 451 000	50 900 000	10 050 000	10 130 000	219 264 000

Tabell 17: Samandrag av investeringsplan 2025-2029



Kapittel V

Vurdering av framtidsutsikter

Framtidsutsikter og planar

Dei overordna, langsiktige ambisjonane til høgskulen ligg i verksemdsstrategien 2023-2030. Den gjer greie for vegval for å løyse samfunnsoppdraget og realisere mål i lys av vår identitet, våre verdier og ambisjonane om at utdanningane og forskinga vår skal vere for samfunns- og arbeidslivet, at vi skal vere ei sterk innovasjonskraft og at vi er ein ambisiøs samfunnsaktør.

Ambisjonane er vidare konkretisert i mål og langsiktige prioriteringar. For å realisere strategiske ambisjonar og mål er det viktig for HVL å integrere desse i alle ledd i styringssystemet, og ha merksemd på å redusere den strategiske risikoen (sjå kapittel IV). Det er krav til at handlingsplanar og fakultetsplanar skal vere kopla til strategiske mål, og realiseringa av mål blir følgt opp med tertialvis verksemdsrapportering til styret. Tre av dei seks måla i strategien er samanfallande med utviklingsavtala HVL har med KD. Dette sikrar merksemd på det som er særleg viktig for HVL framover; både kvalitet i utdanning og forskning, og vår eigen profil og eigenart som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet.

Ambisjonar og prioriteringar

HVL må tilpasse verksemda til økonomiske rammes. Samtidig må det arbeidast for å styrke og utvide dei økonomiske rammene med sikte på best moglege vilkår for utføring av samfunnsmandatet. I lys av det vil HVL trekkje fram tre særlege prioriteringar som er sentrale for 2025 og åra vidare.

1. Realisere strategiske ambisjonar og mål.

I tråd med ambisjonane i verksemdsstrategien må HVL halde fram arbeidet for å bli akkreditert som universitet og bli værande akkreditert. HVL må styrkje evna til omstilling, samarbeid og å auke eksterne inntekter for å realisere strategien. Strategisk kompetanseleiing og bruk av systematisk evaluering og gevinstrealisering står sentralt. Omstilling og endring i aktivitetsnivå gir moglegheiter for strategisk utvikling og til å frigjere kapasitet. Arbeidet med tiltak i handlingsplanen for berekraft skal integrerast i arbeidet.

2. Budsjett disiplin og stram økonomistyring.

Budsjettet for 2025 er retta mot å nå mål i 2025, men skal også sikre eit langsiktig økonomisk handlingsrom for vidare satsing og utvikling. Aktivitetsnivået må vere tilpassa dei økonomiske rammene. Merksemda på auka studiepoengproduksjon, gjennomstrøyming og rekruttering for å auke inntektene må halde fram.

3. Posisjonering i ein sektor i endring.

Reduserte økonomiske rammer og aukande konkurranse i sektoren krev vidareutvikling, marknadsføring og posisjonering av HVL som ein viktig regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsaktør.

Alle delane av HVL må sjå etter moglegheiter og konkret samarbeid i UH-sektoren, der VINST-alliansen spelar ei stor rolle. Gjennom VINST-alliansen får HVL høve til å styrke merksemda på kva som trengst for å utvikle fleir-campusinstitusjonane til det beste for studentar, tilsette og samfunnet både nasjonalt og internasjonalt. På same måte er samarbeidsprosjekt innanfor ARTEMIS-alliansen ein reiskap for å nå HVL sine mål. ARTEMIS – Alliance for Regional Transition, Equality, Mobility, Inclusion and Sustainability er ein europeisk universitetsallianse som fremjar samarbeid innan utdanning, forskning og innovasjon, og har som mål å styrke regional utvikling.

Større byggeprosjekt

Høgskulen har eit større byggeprosjekt i gang i Hauge-sund. Sjå omtale i kapittel fire – Større byggeprosjekt under utvikling.

Dimensjonering av studietilbodet

Økonomisk berekraft har vore den sentrale premissen i HVL sitt arbeid med studietilbodet for åra framover. Prognosar som viser nedgang i KD sine tildelingar avgrensar moglegheita for å bygge opp nye fagmiljø og etablere nye utdanningar for kommande år. Forslaget til studieportefølje for 2025/26 er derfor i stor grad ei vidareføring av dei programma høgskulen tilbyr i dag. Andre viktige premiss i arbeidet med dimensjonering og utvikling av studieporteføljen er:

- prioritere og dimensjonere studieporteføljen til behov i arbeidsmarknaden og søkjartilfang på kort og lengre sikt

- sikre kvalitet og relevans i utdanningane, som bidreg til god studentrekruttering og gjennomstrøyming
- tilby fleksible utdanningar tilpassa studentar i ulike livsfasar
- styrke alle fem campus som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring
- forskingsverksemda er ein sentral drivar i å utvikle eksisterande og nye studieprogram

Høgskulen opprettheld og utviklar dei store profesjonsutdanningane innan helse- og sosialfag, lærar- og ingeniørutdanning for å møte behov i arbeidsmarknaden på kort og lengre sikt. Høgskulen har gjort endringar i eksisterande program som eit tiltak for å styrke studentrekrutteringa til programma. Saman med tiltak for betre gjennomstrøyming i utdanningane, er dette sentralt for å få fleire kandidatar ut i arbeidslivet og betre dei økonomiske rammevilkåra.

HVL har gjennom omstillingsprosjekta arbeidd målretta med tiltak for å tilpasse fagleg aktivitet til strammare økonomiske rammer. Knytt til studieporteføljen er vurderingar av omfang og ressursbruk til emne, studieretningar og studieprogram sentralt. Dette omstillingsarbeidet er viktig og avgjerande for å skape strategisk handlingsrom i fakulteta. Tiltaka som gjeld program og emnestruktur blir ein del av den årlege revisjonen av studie- og emneplanar, og får verknad frå studieåret 2025/26.

Fakulteta har ansvar for å finansiere gjennomføring av studieprogramma innanfor eige budsjett. Dei endringane som er meldt inn i det pågåande omstillingsarbeidet og konkrete endringar i studieporteføljen for studieåret 2025/26 er tiltak/verkemiddel som er med å bidra til balanse mellom inntekter og utgifter. Fleire av dei faktorane som direkte eller indirekte påverkar KD sine tildelingar til høgskulen, rår HVL i liten grad over. Det gjeld mellom anna nasjonale trendar når det gjeld kva for utdanning søkjarane vel, om dei vil studere på campus eller vere nettstudent eller vil søkje seg til ein større campus i ein by eller mindre campus i distriktet. Likefullt er attraktive studietilbod og målretta rekrutteringstiltak viktige føresetnader for å oppretthalde opptaks- og møtt-tala som høgskulen hadde i haust.

Budsjett 2025

Dei økonomiske utsiktene til høgskulen er eit resultat av mange faktorar, der nokre er lettare å påverke enn andre. Økonomien, både i Norge og internasjonalt, har vore gjennom ein periode med høg prisvekst og store svingingar i prisar (energi). Det ser ut for at vi no går inn i ein periode med lågare inflasjon. Det er framleis mykje usikkerheit knytt til krig, samarbeid/handel/toll og mindre føreseieleg politikk frå store økonomiar. Dette påverkar også høgskulen, som er avhengig av eit samspel med samfunnet som vi er ein del av. Større usikkerheit gir mindre føreseielege vilkår og gjer det meir utfordrande å lage treffsikre prognosar og planar.

Økonomien til høgskulen er i stor grad påverka av rekrutteringa til dei utdanningane som høgskulen tilbyr. Etter to år med stor reduksjon i opptakstala på viktige utdanningar har trenden snudd i 2024. Delar av denne auken kan forklarast med bortfall av nivåkrav både på grunnskulelærer- og sjukepleiar-utdanninga. Auken i studentar vil på sikt auke inntektene til HVL, men på grunn av låge opptakstal tidlegare år vil det ta tid før denne inntektsauken slår inn. Det er usikkert om dei høge opptakstala hausten 2024 vil halde seg i åra framover, eller om auken var ein særskilt effekt av dei endra opptakskrava i 2024. Under pandemien brukte KD midlertidige studie-plassar som eit verkemiddel for å auke aktiviteten. Desse studieplassane blir trekt tilbake dei komande åra, noko som også vil medføre reduserte inntekter.

Høgskulen held fram med det omstillingsarbeidet som er sett i gang for å imøtekomme krevjande økonomiske utsikter dei komande åra. Omstillinga har fokus på å møte lågare inntektsrammer. Høgskulen har framleis fokus på å redusere kostnader.

For å auke handlingsrommet til høgskulen innan forskning, utvikling, innovasjon og utdanning er det avgjerande at vi klarar å fylle studieplassane og sikrar betre gjennomføring. I tillegg blir det arbeidd for å auke dei eksterne inntektene. Eit viktig område for å nå målet om høgare eksterne inntekter er å utvikle tilbodet innan etter- og vidareutdanning, og høgskulen har sett i gang eit arbeid for å identifisere tiltak på dette området. Høgskulen sin tildeling for 2025 over kap. 260 post 50 er 2,488 mrd. kr. Dette er ein realnedgang på 2,4% frå 2024.

Høgskulen sin rammefordelingsmodell ligg til grunn for fordelinga mellom einingane. Denne er ny frå 2025. Den største skilnaden mellom denne og tidlegare fordelingsmodell er at fleire av einingane blir resultatutsett i ny modell.


Sjølv om HVL samla sett har ein realnedgang frå 2024 til 2025, har likevel fakulteta samla sett auka i sine budsjettrammer. Årsaka til dette er at innsparingar på felleskostnader frigjer midlar som er fordelt til fakulteta. I tillegg bidreg ny rammefordelingsmodell til å skjerme fakulteta frå delar av den reduksjonen i inntekter som er knytt til redusert studiepoengproduksjon. Utan desse effektane hadde fakulteta gått inn i 2025 med langt strammare rammer enn det som no er tilfelle. Rammer til støttetenester og felleskostnader er reduserte frå 2024 til 2025 som følgje av innsparingar på fleire område og som følgje av effekten av ny rammefordelingsmodell. Høgskulen vil i 2025 halde fram med å vere restriktiv med tilsetjingar i teknisk-administrative stillingar og tildelte rammer tek omsyn til dette.

Endring budsjett 2024 til 2025			
Eining	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Endring
FHS	351 976 444	360 059 221	8 082 777
FLKI	441 922 452	456 538 151	14 615 699
FTMS	397 652 023	435 415 865	37 763 842
Strategisk handlingsrom	3 000 000	15 000 000	12 000 000
Rekrutteringsstillinger	88 209 000	84 658 000	-3 551 000
Støttetenester og felleskostnader	1 128 531 538	1 118 456 790	-10 074 748
Reserve	40 023 542	17 645 975	-22 377 567
Rammetildeling frå KD	2 451 315 000	2 487 774 000	36 459 002

Tabell 18: Endring i budsjett fra 2024 til 2025

Ramma til rekrutteringsstillinger er tildeling til dekning av både faste rekrutteringsstillinger tildelt frå KD, interne strategiske rekrutteringsstillinger og midlertidige rekrutteringsstillinger tildelt i Utdanningsløftet 2020. HVL har valt å oppretthalde øymerkinga til rekrutteringsstillinger sjølv om dei ikkje lenger er øymerka frå KD, då det er viktig i forhold til å bygge Universitetet på Vestlandet. Dei midlertidige rekrutteringsstillingane blir gradvis trekt tilbake, og medfører

difor ein reell reduksjon av ramma til rekrutteringsstillinger. Interne strategiske rekrutteringsstillinger skal dekke satsingsområde innan forskning, utdanning, regional utvikling og digitalisering. I 2024 nytta høgskulen i hovudsak ubrukte innsatsmidlar frå 2023 til dette, og det blei løyvd lite midlar frå 2024-løyvinga. I 2025 er det nødvendig å løyve friske midlar att, og det er sett av 15 mill. kr til strategiske tiltak.



Kapittel VI

Årsrekneskap

Leiarkommentar til rekneskapen for 2024

Stadfesting

Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører statsoppdraget innanfor dei rammer som Kunnskapsdepartementet har sett for institusjonen i løyvingsbrev for 2024. Rekneskapen gir eit dekkande bilde av HVL sine rekneskapsførte inntekter, utgifter, eigendelar, verksemdskapital og gjeld. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Leiarkommentaren og rekneskapen er sett opp i høve til dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 06.12.2023, 12.04.2024, 22.08.2024 og 20.12.2024.

Institusjonen sin revisor er Riksrevisjonen.

Avvik mellom budsjett og rekneskap og vurdering av institusjonen si drift i perioden

Totalt har Høgskulen på Vestlandet inntektsført kr 2.893 mill. i 2024, for 2023 var inntektene kr 2.735 mill. og utgjør ein auke på kr 158 mill. Løyving frå Kunnskapsdepartementet på 2.502 mill. kr og ei løyving frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet på 4,5 mill. kr utgjør 87% av totale driftsinntekter.

Samanliknar vi rekneskapsførte inntekter mot budsjettet viser det at rekneskapsført løyving frå Kunnskapsdepartementet (KD) er om lag 30 mill. kr høgare enn budsjett. Dette skuldast mellom anna at HVL har investert 22 mill. kr mindre enn det som var budsjettert og i følgje dei statlege rekneskapsstandardane får dette følgjer for inntektsføringa. Dei budsjetterte investeringane er utsett i tid og vil bli kommentere under avsnittet planlagde investeringar.

Inntekter frå bidrags- og oppdagsverksemda (BOA) har auka i omsetninga med 21 mill. kr, som utgjer ein auke på 6,2% frå 2023 til 2024. Auken er både i NFR-prosjekt, EU-prosjekt og andre oppdragsprosjekt i 2024, samanlikna med 2023. Innan oppdragsprosjekt er det særleg etter- og vidareutdanning som har hatt ein auke. Auken gjeld og samanlikna med opprinneleg budsjett ved HVL for 2024. Dimensjonering av etter- og vidareutdanning er vanskeleg å føresei då den er avhengig av søknaden frå enkeltstudantar. Å auke eksternfinansiering er et uttalt strategisk satsingsområde ved HVL.

Tabell 1 Inntektsfordeling

	Rekneskap 31.12.2024	Budsjett 31.12.2024	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2023	Endring i % frå 2023
Inntekt frå løyving	2 506 082	2 476 001	1,2 %	2 374 042	5,6 %
Tilskot og overføringar frå andre	234 798	194 885	20,5 %	222 894	5,3 %
Sals- og leigeinntekter	144 548	114 237	26,5 %	128 659	12,3 %
Andre driftsinntekter	7 522	5 293	42,1 %	9 263	-18,8 %
Sum driftsinntekter	2 892 950	2 790 416	3,7 %	2 734 859	5,8 %

(Alle tal i heile tusen)

Totale driftskostnader utgjer i 2024 2.778 mill. kr i høve til 2023 då det var 2.781 mill. kr. Dette utgjer ein reduksjon på 3 mill. kr, og er ein endring på 0,1%.

Løn- og sosiale kostnader har auka med 23 mill. kr frå 2023 til 2024, og utgjer ein auke på 1,3%. Til tross for at vi har redusert tal tilsette frå 2023 til 2024, som ein del av omstillinga, har vi ikkje hatt noko stor reduksjon i lønskostnadane. Reduksjonen i tilsette har vore i slutten av året, men det vi ser er at kostnadane til vikarar og engasjerte ekstrahjelp er redusert. Vi har periodisert kostnader til lønsoppgjeret 2024 på 31 mill. kr som blir forhandla i januar/februar 2025 og utbetalt i mars.

For løn i høve budsjett er det eit mindreforbruk på 40 mill. kr, som utgjer eit avvik på -2,2%. Vi har redusert tal tilsette noko meir enn det som låg i budsjettet og har hatt betydeleg høgare refusjonar til sjukefråvær og foreldrepengar enn budsjett.

Andre driftskostnadar er redusert med 35 mill. kr, som er ein endring på -3,9% i høve til 2023. Dei reduserte kostnadane skuldast vesentleg lågare prisar på straum i 2024 enn i 2023. I tillegg har det vore ein reduksjon i reisekostnader. HVL har endra periodiseringa av leige programvarer, lisensar og vedlikehaldsavtalar for kontormaskiner. Denne endringa har i 2024 gitt ein reduksjon i kostnadane som vil auke igjen i 2025.

Det er eit mindreforbruk mellom andre driftskostnader og budsjett på 54 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak straumkostnader, leige programvare og leige kontormaskiner som er kommentert over.

Avskrivningar er om lag som budsjett, men har auka i høve 2023, dette skuldast høg investeringar dei seinare åra.

Tabell 2 - Driftskostnader

	Rekneskap 31.12.2024	Budsjett 31.12.2024	Avvik mot budsjett i %	Rekneskap 31.12.2023	Endring i % frå 2023
Løn og sosiale kostnader	1 816 234	1 856 676	-2,2 %	1 793 332	1,3 %
Andre driftskostnader	865 653	919 972	-5,9 %	900 457	-3,9 %
Avskrivningar	95 637	90 000	6,3 %	86 802	10,2 %
Sum driftskostnader	2 777 525	2 866 648	-3,1 %	2 780 591	-0,1 %

(Alle tal i heile tusen)

Resultatet for 2024 er på 117 mill. kr. Av dette er auka avsetningar på 87 mill. kr og overskot frå oppdragsverksemda på 30 mill. kr. I 2023 hadde vi eit negativt resultat på 47 mill. kr, der reduksjon av avsetningar utgjorde 76 mill. kr og overskot frå oppdragsverksemda var 29 mill. kr. HVL budsjetterte med eit meirforbruk på 76 mill. kr for 2024 og overskot frå oppdrag var 18 mill. kr og reduksjon i avsetningane med 94 mill. kr. Differansen i høve budsjett skuldast auka inntekter og reduksjon av kostnader som er kommentert tidlegare. Den økonomiske stillinga ved utgangen av 2024 er betre enn forventa, men prognosen framover viser at vi vil få reduserte inntekter, og HVL har starta prosessen med å tilpasse oss endringane og har redusert tal tilsette.

Bankinnskott er auka med 52 mill. kr sidan 31.12.2023, og utgjør 1.087 mill. kr pr 31.12.2024. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) er 1,8 og er auka frå 1,5 pr 31.12.2023.

Det er oppdaga for lite avskrivningar kr 64 mill. på varige driftsmidlar tidlegare år. Dette er korrigert i IB 2024 og samanlikningstal i balanseoppstillinga er også korrigert. Korrigeringa har ikkje resultatteffekt.

Utvikling i avsett del av løyvingfinansiert aktivitet

Pr 31.12.2024 har Høgskulen på Vestlandet 311 mill. kr i avsette midlar og 5,5 mill. kr som ikkje er inntektsført av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet. Ved utgangen av 2023 var avsetningane på 225 mill. kr, noko som gjev ein auke på 92 mill. kr i 2024.

Avsetningsnivået per 31.12.2024 er 12,8% av total løyving mottatt frå KD. Avsetningar til andre føremål utgjør 119 mill. kr 4,8% og avsetningar til investeringar er til saman 197 mill. kr og utgjør 8,0%.

Tabell 3 - Avsetningar av løyving frå Kunnskapsdepartementet

	31.12.2024	Avsetning i % av KD løyving	31.12.2023	Avsetning i % av KD løyving
Avsetningar til andre føremål	118 962	4,8 %	98 823	4,2 %
Avsetningar til investeringar	197 114	8,0 %	126 071	5,3 %
Sum avsetningar	316 076	12,8 %	224 894	9,5 %

(Alle tal i heile tusen)

Avsetningar til andre føremål inneheld øymerka løyvingar frå KD på 28 mill. kr. I tillegg er det avsett til strategisk innsatsområde, som for det meste er planlagt til digitalisering, til stipendiatar, midlar til satsinga mot å bli eit universitet og diverse andre midlar for å auke studiekvaliteten. HVL har mottatt øymerka midlar til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanninga. Denne løyving er frå 2024 gått inn som ein del av rammetildelinga frå KD, og er framleis tenkt bruk til dette føremålet.

Avsetning til investeringar utgjer 197 mill. kr og skal nyttast til investeringar spesifisert i utkast til investeringsplan for HVL. Bruk av avsetningar til investeringar blir omtalt i avsnittet under.

HVL hadde eit negativt resultat både i 2022 og 2023 og avsetningane blei vesentleg redusert. Når prognosane viser at vi får ein reduksjon i løyvinga framover og auke i faste driftskostnader, blei det sett i gang tiltak form av innsparing og omstilling i 2024. Når vi i tillegg har store innsparingar på straumkostnadane har det resultert i eit høgare resultat for 2024, og auke i avsetningsnivået.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Styret vil handsame ny investeringsplan i styremøte 05.03.2025, for perioden 2025-2029, som er foreslått til totalt 219 mill. kr der 197 mill. kr er avsett til å dekke delar av desse investeringane. For 2024 er det gjennomført investeringar for 60 mill. kr medan det var budsjettert med 82 mill. kr. Det vesentleg av gjennomførte investeringar er IT/AV utstyr, men det er og ein del forskingsutstyr og inventar/innreiingar. Deler av investeringane er utsett i tid og det er difor vi har ein investeringsplan over 5 år, då langtidsprognosen viser at vi vil få strammare økonomi i tida framover.

Investeringsplanen viser at det er prioritert investeringar til undervisningsutstyr og læringslaboratorium. Vidare planlegg ein oppgradering av bygg, men og ombygging for å få betre utnytting av eksisterande areal. Ein planlegg og utskifting av inventar, møblar og bygging av klimahus i Bergen.

Høgskulen har underteikna ny husleigeavtale med Statsbygg for nybygg i Haugesund, inklusiv ombygging av eksisterande bygg. Arbeidet på tomten starta i januar 2025 og vi forventar ferdigstilling til studiestart i 2027. Årleg auke i kostnadane til nybygg og ombygging i Haugesund utgjer omlag 23-25 mill.kr. Avsetning på 47 mill. kr er tenkt nytta til inventar, utstyr og spreienett i 2026. Avsetninga vil bli sett opp mot forventa budsjett og eventuelt justert.

Det blir elles vist til rekneskapen for 2024 med tilhøyrande notar.


Gunnar Yttri, rektor


Dato: 5. mars 2025


Arvid Hallén (styreleiar)


Wenche Kjolås


Kristine Kopperud Timberlid


Bjørn Håvard Bjørklund



Erik Kyrkjebø


Tom Are Trippestad


Sissel Rosland


Hege Myklebust


Solveig Råheim Grønsdal


Jelle Sebastian Bruin


Frida Lunde Høisæther

Prinsippnote – SRS

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS). Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres etter prinsippet om motsatt sammenstilling. Dette innebærer at inntekt fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd resultatføres i takt med at aktivitetene som finansieres av disse inntektene utføres, det vil si samme periode som kostnadene påløper (motsatt sammenstilling).

Grunnbevilgning fra departementet som er ment å finansiere ordinære driftsaktiviteter er opptjent pr. 31.12 hvis ikke institusjonen eller departementet har satt konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver og investeringer som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver. Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt. Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK). Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Fra 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlige virksomheter. Fra 1. januar 2022 betaler virksomheten en virksomhetsspesifikk hendelsesbasert arbeidsgiverandel som del av pensjonspremien. At premien er virksomhetsspesifikk, betyr at den beregnes ut fra den enkelte virksomhets forhold, ikke for grupper av virksomheter samlet. At den er hendelsesbasert, betyr at den tar hensyn til de faktiske hendelser i medlemsbestanden i virksomheten, slik at premiereserven er ajour i forhold til medlemmets opptjening. Medlemsandelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendret.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrasket avskrivninger. Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved endret anvendelse eller utnyttelse, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i Innskutt virksomhetskapital avsnitt CI Virksomhetskapital i balanseoppstillingen. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i Opp-tjent virksomhetskapital. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Beholdning av varer og driftsmateriell

Beholdninger omfatter varer for salg og driftsmateriell som benyttes i eller utgjør en integrert del av virksomhetens offentlige tjenesteyting. Innkjøpte varer er verdsatt til anskaffelseskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Beholdninger av varer er verdsatt til det laveste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi. Beholdninger av driftsmateriell er verdsatt til anskaffelseskost.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert til kursen ved regnskapsårets slutt. Her er Norges Banks spotkurs per 31.12 lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapital, avregninger og utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapital ved enhetene.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrøm

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank. Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne rente beregnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

Resultatregnskap

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	2 506 082	2 374 042
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	234 798	222 894
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	144 548	128 659
Andre driftsinntekter	1	7 522	9 263
Sum driftsinntekter		2 892 950	2 734 859
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	1 816 234	1 793 332
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	95 637	86 802
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	865 653	900 457
Sum driftskostnader		2 777 524	2 780 591
Driftsresultat		115 426	-45 732
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	1 226	171
Finanskostnader	6	28	1 121
Sum finansinntekter og finanskostnader		1 198	-951
Resultat av periodens aktiviteter		116 624	-46 683
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-87 093	76 031
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-29 531	-29 348
Sum avregninger og disponeringer		-116 624	46 683

	Note	31.12.2024	31.12.2023
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9	0	0
Avregning til statskassen innkrevningsvirksomhet	9	0	0
Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre		0	0
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning	10	0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0

Balanse

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
EIENDELER			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	13 792	20 568
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
Sum immaterielle eiendeler		13 792	20 568
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	46 590	48 885
Maskiner og transportmidler	5	56 522	65 609
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	155 006	172 285
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
Sum varige driftsmidler		258 118	286 778

	Note	31.12.2024	31.12.2023
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	1 132	1 132
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
Sum finansielle anleggsmidler		1 132	1 132
Sum anleggsmidler		273 042	308 479
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	29 287	28 805
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	1 281	1 920
Andre fordringer	14	44 856	63 601
Sum fordringer		75 424	94 327
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	1 069 622	1 032 614
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	17 271	1 907
Kontanter og lignende	17	0	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		1 086 893	1 034 521
Sum omløpsmidler		1 162 317	1 128 848
Sum eiendeler drift		1 435 359	1 437 326
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Sum eiendeler		1 435 359	1 437 326

Balance

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2024	31.12.2023
STATENS KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8	0	0
Opptjent virksomhetskapi tal	8	185 066	155 536
Sum virksomhetskapi tal		185 066	155 536
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15.I	315 282	228 189
Sum avregninger		315 282	228 189
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	271 910	307 346
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	5 500	0
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		277 410	307 346
Sum statens kapital		777 759	691 071
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0

	Note	31.12.2024	31.12.2023
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		130 461	126 290
Skyldig skattetrekk og andre trekk		57 470	71 207
Skyldige offentlige avgifter		61 672	69 096
Avsatte feriepenger		153 336	152 686
Ikke inntektsførte tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	121 788	158 749
Mottatt forskuddsbetaling	16	32 768	32 948
Annen kortsiktig gjeld	18	100 104	135 278
Sum kortsiktig gjeld		657 600	746 255
Sum gjeld		657 600	746 255
